

KOMMUNALT INFORMASJONSMAGASIN FRÅ LUSTER KOMMUNE

LUSTRA

16. årgang

wytt



Ordføraren har ordet

I september er det kommuneval, og nye politikarar inntek plassane i kommunestyret. Nokre er der for fyrste gong, medan andre har lang fartstid. Det er alltid sunt med ei viss utskifting, nye tankar og idear er bra, men kontinuitet er alltid viktig. Politikk bør vera, og skal vera, langsiktig tenking.

Me har det godt i Luster. Me har ein god kommune å veksa opp i, og her er det godt å bli gamal. Men trass dette er det alltid nokon som kunne ynskja å ha det betre. I ein rapport frå OECD vart norsk eldreomsorg kåra til den 3. beste i verda. Ja, det er godt å bu i dei norske kommunane, og dette bør me vera stolte over.

Eit tilbakeblikk på 8 år i ordførarrolla gir mange gode minne. Eg har fått vore med på mange kjekke opplevingar, og fått ei stor kontaktflate. Kva som har vore det kjekkaste oppdraget eg har vore med på, er ikkje lett å velja ut, men det har vore mange minnerike markeringar.

Starten var tøff med store forventningar, mange personar og saker å forholda seg til. Ein ordførar skal ha meininger om alt og alle, og helst med det same. Lærekurva var til tider bratt, men sjølv om det vart mange utfordringar og suter, så er det svært mange kjekke oppgåver å sjå tilbake på, og desse vil eg ta godt vare på. Kanskje burde me som medmenneske vera flinkare å gi positive tilbakemeldingar. Slike meldingar kostar lite, men ”varmar” mykje.

Gjenopninga av stavkyrkja på Ornes med besök av dronninga, var ei stor oppleving. Det å vera med på planlegginga av slike hendingar med eit detaljert program frå minutt til minutt, er ei ekstra spenning. Av andre storhendingar kan nemnast tunnelopninga i Gullringen, opninga av Breheimen nasjonalpark, snorklipping på nye bygg osv. Men noko av det kjekkaste er kanskje det å få vera med på heile den politiske prosessen i ei sak ein er engasjert i, frå saka startar og fram til ferdigstilling. Dei mange politiske vedtak, der kanskje usemjø har vore stor, men fleirtalet har bestemt. Når så vedtaket er gjort, og oppdraget er utført, står resultatet der synleg. Ja, kva førelsar dette gir, kan ikkje forklarast, men må opplevast.

Ikkje alle politiske vedtak er like konkrete, men ein får vera med på å staka ut ein kurs. Det politiske landskapet bestå mykje av planar. Gode og velformulerte planar er nyttige, men det er viktig



Etter valet 2003 tok Torodd Urnes over ordførarvervet etter Ernst Veum som hadde site 14 år i ordførarstolen.

at desse ikkje vert lagt til side når vedtaka blir gjorde. Innbyggjarane har krav på at politikarane evna å tenkja langsiktig og sjå framover. Me har sett fleire gonger i perioden kor sterkt aksjonsdemokratiet kan verta, og korleis dette påverkar handlekrafta hos dei folkevalde.

Luster Bad er den saka som fekk mest publisitet av sakene våre i denne perioden. Her var det sterke meininger både for og imot. No er bygginga av badet kome langt, og ting roar seg. Eg har heile tida vore overtydd om at ei slik satsing vil vera positiv for utviklinga av kommunen. Ikkje alle kommunar har økonomiske musklar til ei slik satsing, men det har Luster. Dette blir ein flott samlingsplass for regionen, og passar svært godt inn i den folkehelsesatsinga som samhandlingsreforma legg opp til.

Folketalet har auka jamt dei siste to- tre åra i kommunen. Dette er svært gledeleg. Me må heilt tilbake til 1999 for å finna så høge innbyggartal for Luster.

Kommunesamanslåing har vore tema for kommunane fleire gonger. Me i Luster har vore klare på dette uansett kven tilbodet har kome frå. Kommunen vår har ein geografi og ei utstrekning som gjer det lite aktuelt. Me ville ha vorte dei store taparane i ein slik prosess. Me er også på vakt når det gjeld å flytta tenester ut av kommunen. Samhandlingsreforma er ein slik test i desse dagar. Dette er ei kommunereform der nærliek til brukarane er viktig. Luster er innstilt på å hegna



Oppteljinga etter ordførarvalet i 2007 synte at Torodd Urnes fekk 15 røyster, motkandidaten, Ivar Kvalen, fekk 14. røyster.

om helsetenestetilbodet vårt slik me har det, og i tillegg forbetra det. Mykje av dei nye tenestene me vert pålagde, klarar me å løysa sjølve. Det andre løyser me gjennom samarbeid med nabokommunane.

Eg har hatt leiarvervet i Sogn Regionråd desse to siste åra. Ikkje alt har gått like enkelt med samarbeidet, men det er eitt prosjekt me er stolte av, og som er eit pilotprosjekt mange andre regionar har lagt merke til: ”Sats på skulen/barnehagen, snu Sogn”. Dette prosjektet har sett fokus på kommunen som skuleeigar, og det har gitt politikarane interesse for innhaldet i skulen. Me kan i dag skilta med ei sterk leiaropplæring for rektorane og barnehagestyrarane som ligg langt over gjennomsnittet i landet. Noko å vera stolte av !

Det er kjekt å sjå tilbake på eit arbeid ein har vore med på, og vore leiar for. Ikkje alle bygdene føler det har skjedd like mykje hos dei som hos andre, men dei fleste av tiltaka er til felles beste. I dei siste åra er det kommunesenteret som har fått eit løft, og det valet er både bevisst og nødvendig. Opprustinga her er ikkje ferdig, og det er viktig at seinare politikarar føl opp med ferdigstilling. Dei tyngste tiltaka er gjorde, men ”finpussen” står igjen.

Prosjektet ”Fleire kvinner i lustrapolitikken” har vore jobba med gjennom heile perioden. Eg håpar at dette gir resultat, og at det er med på å dreia det politiske landskapet meir inn på dei mjuke verdiane me omgir oss med.

Eg er stolt over å overlevara ein kommune i vekst og utvikling der optimisme og pågangsmot skal vera dei positive drivkraftene for vidare utvikling.

God sommar, og godt val til hausten!







**Følg Luster kommune
på facebook**

Torodd Urnes
ordførar

Rådmannen har ordet:

Samhandlings-reforma

- desentralisere det vi kan og sentralisere det vi må.



Storting og regjering har nyleg gjort vedtak om at dei nasjonale helse- og omsorgstenestene skal underleggjast ei ny "retningsreform", kalla samhandlingsreforma. Den skal innførast gradvis med verknad frå 1. januar 2012.

I følgje samhandlingsreforma skal det leggjast meir vekt på førebyggjande og helsefremjande arbeid. Samtidig skal dei kommunale helse- og omsorgstenestene styrkast og vidareutviklast, og spesialisthelsetenesta (sjukehusa) skal omstilla. Eit førande prinsipp skal vere at vi skal desentralisere det vi kan og sentralisere det vi må.

Ny kommunerolle

På det førebyggjande området får vi ei ny folkehelselov. Den pålegg kommunane å skaffe seg god oversikt over helsetilstanden til eigne innbyggjarar, og på dette grunnlag vedta mål, strategiar og tiltak for å møte dei helseutfordringane som dominerer lokalt.

Vidare får kommunane eit medansvar for eigne innbyggjarar ved indremedisinske sengepostar og poliklinikkar ved sjukehusa. Dette vil kome til uttrykk ved at kommunane må betale 20 % av sjukehusa sine kostnader, avgrensa til 30.000 kr pr. pasient. Kommunane må dessutan betale sjukehusa 4.000 kr pr. døgn for utskrivingskläre pasientar. Kommunane vil frå 2012 få tilført knapt 4,8 milliardar kr til desse to oppgåvene.

Desse pengane vil bli tekne frå sjukehusa.

Dette betyr ikkje at kommunane no skal betale for seg, og så skal alt anna vere som før. Føremålet med reforma er at kommunane etter kvart skal

kunne diagnostisere og behandle fleire pasientar i eigen regi. Dette skal anten skje ved at kommunane byggjer ut eigne tilbod, eller ved at dei samarbeider om nye interkommunale tiltak, ofte kalla distriktsmedisinske senter. Tanken bak dette er at nokre pasientkategoriar, som i dag får helsetenester på sjukehusa, i framtida skal kunne få minst like god behandling på kommunenivået. Og det til ein mykje lågare kostnad.

Og ikkje nok med det: Frå 2016 skal kommunane ha bygd ut eigne eller interkommunale tilbod om døgnopphald for personar med behov for augeblikkleg hjelp. Også til dette skal det kome auka overføringer. Det vil skje gradvis i åra fram mot 2016 - vel 1,0 milliardar kr i alt.

Samhandlingsreforma vil bli ei stor kommunehelserereform, som inneber at dei kommunale helse- og omsorgstenestene blir styrka og vidareutvikla.

Men det vil og bli ei sjukehusreform. Samtidig som det blir flytta oppgåver og midlar til kommunane, vil sjukehusa måtte omstille seg og koncentrere seg om meir spesialiserte tenester. Det er lagt til grunn at ca. 10% av dagens aktivitet ved sjukehusa no skal bli eit "kommuneansvar".

Heile reforma vil bli gjennomført ved hjelp av omfattande lovendringar og nye og tydelege økonomiske verkemiddel.

Men på lokalplanet, dvs. i kommunane, er mykje framleis uklårt. Det har dels samanheng med at mykje av dette er "heilt nytt", men og at ein på sentral hald oftare og oftare snakkar om ei "retningsreform", dvs ei reform som viser retning utan å vere tydeleg på mål og innhald.


Frå legevisitt på sjukeheimen i Gaupne.

Kva gjer Luster kommune?

Etter mitt syn har Luster eit bra utgangspunkt for å møte reforma. Vi har godt utbygde helse- og omsorgstenester, vi rekrutterer bra, og vi har relativt god kommuneøkonomi. Men også Luster kommune må gjere nokre krevjande prioriteringar.

Når det gjeld folkehelsearbeidet må vi i 2012 ta tak i dei nye lovkrava når vi skal revidere kommuneplanen. Og det finst etter kvart ein del data og statistikk som her kan nyttast som eit utgangspunkt. Helsedirektoratet har under utvikling såkalla "kommunebarometer", som skal vere (sitat) "en sammenstilling av folkehelsestatistikk som gir et raskt og lettfattelig bilde av utvalgte indikatorer innenfor demografi og sosioøkonomiske faktorer, risikofaktorer, beskyttende faktorer, helsetilstand og helsetjenester i kommunen." Under er innteke eit kommunebarometer som viser korleis Luster, Sogn og Fjordane og landet kom ut ved hjelp av ein del data frå åra 2006-09. Figuren illustrerer korleis kommunen (raud) og fylket (grøn) avviker frå landsnivået. Alle verdiar innafor landsnivået (sirkelen) vert rekna som positive.

Kommunebarometer Luster:



Når det gjeld andre element i reforma, har vi nyleg fått opplyst at Luster kommune i 2012 får 5,6 mill kr til kommunal medfinansiering og utskrivingsklåre pasientar (frå sjukehusa). I den



grad den samla "rekninga" frå sjukehusa våre skulle bli mindre enn dette, kan vi bruke ev. restmidlar til gode lokale tiltak. Men det kan og bli omvendt!

Vi må og ta stilling til om vi skal starte arbeidet med å planleggje den korttidseininga som er prioritert i kommunestyret sin snart to år gamle helse- og omsorgsplan. I følgje denne planen skal vi - samtidig med at vi etablerer ei slik korttidseining - kunne redusere tal langtidsplassar frå dagens kapasitet (64) til 56.

Ut frå samhandlingsreforma kan vi kanskje vurdere å sjå ei slik korttidseining i samanheng med det augeblikkleg-hjelpe-tilbodet kommunen blir forplikta til å utvikle. Vil det t.d. vere mogleg å etablere eit «Luster lokalmedisinske senter» med inn til 12 plassar, der vi både driv effektiv rehabilitering og tek oss av visse pasientgrupper som no vert viste til sjukehusa?

For eigen del er eg rimeleg sikker på at dersom vi skal greie å utvikle gode og nære tilbod som her nemnd, vil vi vere avhengig av framleis gode rammevilkår og at kommunestyret gjev dette høg prioritet – om nødvendig framfor andre tiltak ein måtte ønskje seg.

God sommar, og god reform!

*Tore Eriksen
Rådmann*



Kjellaug og Erling Ormelid fekk overrekt Kongens fortenestemedalje frå ordføraren på ein triveleg seremoni i heimen deira i Luster.

Kongens fortenestemedalje til Kjellaug og Erling Ormelid

Syskena Kjellaug og Erling Ormelid er tildelt Kongens fortenestemedalje i sølv for eit langt yrkesaktivt liv på garden Ormelid. Her har dei drive garden på tradisjonelt vis og forvalta eit kulturhistorisk landskap som går minst 4000 år tilbake i tid.

Høgdegarden Ormelid ligg vakkert til på ei fjellhylle 450 moh i Fortunsdalen. Her har Kjellaug og Erling budd og arbeidd heile sitt liv, fram til dei flytte ned i bygda i 2005.

Garden ligg i dag avsides til, men har vore ein sentral gard frå historisk tid. I 3000 år kan den ha vore ein stoppestad for farande mellom fjellbygdene i aust og vest. Kjellaug og Erling har halde på denne tradisjonen og er vide kjende for sin gjestfridom. Mange har stoppa på turen ned frå fjellet og vorte godt traktert. Slik har dei også formidla historia om livet på ein høgdegard langt inn i den moderne tida.

Ormelid er eitt av fire gardsområde som i perioden 1994-2000 var med i det tverrfaglege forskingsprosjektet "Den tradisjonelle

vestlandsgården som kulturbiotisk system", under leiing av Høgskulen i Sogndal og Universitetet i Bergen og finansiert av Norges Forskningsråd. Kjellaug og Erling har stor forteljarevne og sit inne med store kunnkapar som dei formidla til dette prosjektet. Av dei fire gardane som var med i dette prosjektet var det berre på Ormelid at den tradisjonelle levemåten i stor grad var halden i hevd. Dei produserte og foredla det meste av maten sin sjølv og gamle matttradisjonar har stått i fokus.

Kjellaug og Erling har i fleire år hatt eit sterkt ynskje om at bygningane og garden i sin heilskap vert forvalta og teke vare på for framtida. Det er no utarbeidd framlegg til freding av Ormelid.

Ordførar Torodd Urnes overrekte fortenestemedaljen 23. mai i heimen til Kjellaug og Erling i Luster. Representantar frå sogelaget, Geirr Vetti og Bjørg Hovland, og nære venner, var til stades ved seremonien.

Kjartan Kvien fekk overrekt Kongens fortenevestemedalje i sølv frå ordføraren i Luster under ein flott seremoni på Skjolden. Frå venstre: Leiar i Luster Senterparti Ivar Kvalen, Kjartan Kvien, Sigrunn Kvien og ordførar Torodd Urnes.



Kongens fortenevestemedalje til Kjartan Kvien

Kjartan Kvien er mangeårig medlem i Luster Senterparti og er ein person som har gjort svært mykje samfunnsnyttig arbeid, både politisk, i frivillige lag og organisasjonar og gjennom arbeidet sitt.

Kjartan kom til Fortun som driftsingeniør i Årdal og Sunndal verk i 1961.

Frå 1984 til han gjekk av med pensjon i 1998 var han sjef for Luster Kraftlag/Luster Energiverk

Samanslåinga av Luster, Jostedal og Hafslø kraftlag var det fyrste han måtte ta til med som everksjef. Samanslåinga gjekk utan store friksjonar, og heile bedrifta vart etter kvart samla i nytt bygg i Gaupne.

I Kjartan sin periode som everksjef vart kraftforsyninga til alle deler av kommunen utbetra og modernisert, spesielt til Sørsida og Veitastrond der linjene var svært utsette for ras. Trass store investeringar med oppgradering av linjenettet, var og er Luster Energiverk i dag eit svært økonomisk solid selskap, mykje av dette kan takkast Kjartan si nökterne og langsiktige styring.

Kjartan hadde fleire tillitsverv i samband

med kraft og kraftforsyning. Han sat mellom anna mange år i styra i Sognekraft og Luster Energiverk.

Kjartan har lagt ned eit stort engasjement i ulike lag og organisasjonar. Han var sentral i skipinga av fjellvegen Årdal - Luster. Han har sete i styret sidan opninga i 1971 og har vore anten leiar eller nestleiar.

Kjartan har vore levande interessert i forvalting av fjell og friluftsliv, og tilrettelegging av desse resursane for ålmenta. Den største innsatsen har han truleg lagt ned i Fjellstyret for Luster austre statsallmenning. Han vart vald inn som leiar i 1976 og er med i styret enno etter snart 35 år. Gjennom sitt arbeid i Fjellstyret har han utført eit imponerande pionerarbeid med jakt og fiskeavtalar som femnar over privat og statlege eigedomar, også over fylkesgrensene.

Han har hatt ei rekkje verv i Luster Senterparti i nærmare 40 år, mellom anna som medlem i kommunestyret 1991 - 95. I dag er han nestleiar i eldrerådet.

Utdelinga føregjekk på Fjordstova og ordførar Torodd Urnes overrekte medaljen.

Det var formannskapsmedlem Ivar Kvalen (t.v.) som i år stod for utdelinga av prisen Årets bedrift i ordførar og varaordførar sitt fråvær. Gulleik Fuhr tok mot prisen på vegne av Fuhr Bygg AS.



Fuhr Bygg A/S årets bedrift

Fuhr Bygg A/S Årets bedrift

Prisen Årets bedrift i Luster gjekk i år til Fuhr Bygg AS. Det var formannskapsmedlem Ivar Kvalen som stod for utdelinga under ein regnfull Lustramarknad.

I talen sin sa Kvalen: Utdelinga av prisen "Årets bedrift i Luster" er ei årleg tilskiping på Lustramarknaden. I år 2011 er det 21. gongen denne utmerkinga vert delt ut. Det er næringsutvalet i Luster kommune som avgjer kven som får prisen.

I statuttane for tildelinga står det mellom anna: "Prisen som årets bedrift er ei honnorutmerking. Prisen vert delt ut til ei bedrift som på ein positiv måte har utmerka seg. Prisen kan gå til etablerte føretak, nyetableringar eller knoppskytingar." I år 2011 går prisen til ei bedrift som er om lag 10 år. Bedrifta har utvikla positivt på fleire

område desse åra. I år går prisen årets bedrift til Fuhr Bygg AS. Eg bed om at dagleg leiar Gulleik Fuhr kjem opp på scena.

Grunnjevinga:

Kvífor har så Fuhr Bygg AS fått denne utmerkinga?: Gulleik Fuhr starta opp med personleg føretak som tømrar heilt attende til midten av 80-talet. Noko av det fyrtse han arbeidde med var bygging av hus til Statkraft i samband med Jostedalsutbygginga. Det personlege føretaket hans hadde etter kvart ein del tilsette på slutten av 90-talet.

I 2001 vart Fuhr Bygg AS skipa, med Gulleik Fuhr som eineigar. Fuhr Bygg kjøpte då eit næringsbygg på Røneidsgrandane på om lag 400m². I åra etterpå har bygget vorte oppgradert og utvida fleire gonger. Siste store utbygginga var no vinteren 2011. Totalt er det no ca 1000m² med byggmasse, fordelt på butikk og utstillingar, lager og kontor. Det er og noko utleigearreal.

Einebustader var den viktigaste

marknaden for Fuhr Bygg i starten. Etter kvart har dei og teke på seg større oppdrag, og er nett no underentreprenør for Sogn Entreprenør AS både i høve Gaupne Barnehage og Luster Bad.

Tomteutvikling er eit område Fuhr Bygg AS har engasjert seg i sidan 2005. Dei har vore med og utvikla Solstrand i Luster – 3 einebustader, 5 private hytter og ytterlegare 6 private hytter opprinneleg bygde for utleige. På Verket i Gaupne er det bygt og selt 19 bueiningar. På Bukti i Gaupne er ein komme godt i gang både med sal av tomtar og bygging av einebustader. I desse dagar er planane klare for eit rekkehus med sju leilegheiter. Byggestart etter planen etter fellesferien.

Det er i dag 13 tilsette i selskapet. Økonomien er sunn.

Fuhr bygg satsar og mykje på Byggeributikken deira på Røneidsgrandane som vart opna ved nyår 2011. Her er eitt breitt sortiment av byggevarer og utstillingar.

Framover ser Fuhr Bygg interes-

Her takkar Iren Vatne for Målprisen 2011. Leiar i Luster mållag, Oddmund L. Hoel, stod for utdelinga.

Målpris til Reisemål Sogndal og Luster AS

Under Lustramarknaden vart Reisemål Sogndal og Luster tildelt Luster mållag sin målpris for 2011. Det var dagleg leiar Iren Vatne som tok mot prisen på vegne av Reisemål S & L. Leiaren i mållaget, Oddmund L. Hoel, stod for utdelinga.

se for bustadfeltet Bukti i Gaupne. Det er enno 11 tomtar for einebustader for sal i dette feltet. Fuhr Bygg ser og interesse for fritidsbustader/hytter. I si grunngjeving for prisen årets bedrift seier næringsutvalet: Furhr Bygg er ei solid verksemid som har bygt seg opp dei siste ti åra. Verksemda er ein god arbeidsplass for dei tilsette. Fuhr Bygg utfører oppdrag i Luster på ein fagleg god og ryddig måte. Fuhr Bygg er og ein betydeleg samfunnsaktør, gjennom det arbeidet dei gjennomfører som eigedomsutviklar. Til lukke med prisen som årets bedrift i Luster kommune 2011.



Hoel fortalte dette om grunngeiving for å tildelinga: Reisemål Sogndal og Luster får målprisen for god og konsekvent bruk av nynorsk på eit felt som er svært viktig for marknadsføringa og profileringa av bygdene våre. Ein skulle kanskje tru at det er sjølvsagt at ein så solid nynorskkommune som Luster vert marknadsført som reisemål på nynorsk, men det er det ikkje. Andre stader i dei nynorske delane av landet vårt er døma mange på at reiselivet har ein hang til å marknadsføre seg på det målet dei trur kundane vil ha framfor det målet som er ein del av eigenarten til området. Me skal heller ikkje mange år attende i Sogn og Luster før det var regelen meir enn unntaket at reiselivet marknadsførte seg på bokmål.

Reisemål Sogndal og Luster har greidd å motstå det presset som me veit er der til å bruke bokmål. I staden har reisemålselskapet gått føre som eit godt døme både for reiselivet i kommunen og i reiselivssamarbeidet langs Sognefjorden i å profilere regionen på det språket som i dag er ein sjølvsagd del av identiteten

til bygdene våre. Svært viktig, ikkje minst med tanke på dei unge, er det òg at nynorsken vert halden så godt i hevd i ei moderne og framtidsretta næring som reiselivet. Luster mållag veit godt at reisemålselskapet har sitt å baske med når det gjeld målbruken i dei store nasjonale reiselivssatsingane som i aukande grad skjer gjennom tunge system på internett. Denne målprisen er fyrst og fremst ein takk for jobben de har gjort så langt, men me vonar òg de tek prisen som ei oppmuntring til å stå på vidare!

Prisen er eit foto av Nigardsbreen, teke av Frank Smedegård. Til lukke med Målprisen 2011, sa Hoel til slutt.

Stolt og glad

Dagleg leiar, Irene Vatne, var stolt og glad for å ta mot prisen, og glad for at andre la merke til kva dei gjorde. Ho ville også rette ei takk til foreldra sine som heile tida hadde puffa på og fått ho til å stole på seg sjølv og det ho gjorde.



Sjølv marknadsdagen 11. juni hadde også varierande ver. Då dette biletet vart teke, hadde det sluttat å regne, og folk sessa seg framfor scena i rådhusparken og kosa seg over framföringane til dei unge artistane våre: Luster sine beste.

Lustramarknaden i år kan meir oppsummerast som ein "Sommarfest i Luster" sidan arrangørane hadde utvida tidspunktet til å vare frå 2. juni då Norsk Brefestival starta i Jostedal, til 13. juni då sommarfesten vart avslutta med "Lustraløpet" som i år kunne markere 25 år. Same dag arrangerde også Hafslø sogelag kul-

turminnetur langs kongevegen frå Lambhaug til Marifjøra over Sviggaplassane.

Lustramarknaden er ein marknad der me vil visa fram heile kommunen, seier Bård Huseby som er ein av personane i komiteen for marknaden, og eit av temaene i år har gått på omdømmebygging og næringsutvikling. Sjølv om veret var svært varie-

rande med ein del regn, har dei flotte arrangementa varma. Slik er det: Veret er det lite å gjere med, då er det desto viktigare å kle seg og gle seg over det flotte som vart synt fram. Og at vi saman kan vere stolte over å bu i ein kommune med så flotte aktivitetar i lokalmiljøa i tillegg til den flotte naturen vår.



Mykje folk og aktivitet var det også utanfor og i Pyramiden. Sjeldan har det vore så mykje folk inne på Pyramiden ein marknadsdag, og sukkerspinnet smaka like godt om veret ikkje vart som vi hadde ynskt.



Luster kommune sin stand framfor rådhusdøra vart også besøkt av ein del. Og spesielt ein kunne glad reise heim att etter eit besøk her. Blant dei mange som hadde svara på konkurransen til kommunen, vart Reidar Kreken (til venstre på biletet), trekt ut som vinnar av eit gavekort på 1.000 kroner. Torkjell Solbrå fortel ivrig om "Mellom fjord, fjell og folk"-prosjektet sitt til Solveig Sandvik.

Indre Hafslo spelemannslag har vakna opp att av ein liten dvale, og den "harde kjerne" har denne vinteren øvt inn att eit repertoar av gamle og nye slagarar og revyviser i tillegg til dansemusikken som dei spelte for nokre år tilbake. Dei har gledd mange ved ymse tilstellingar i vinter og vår, og dei takka også ja til å halde ein konsert i rådhussparken marknadsdagen og varma og gledde mange der. Frå venstre: Torodd Joranger, John Halveg, Arne Nesheim, Johannes Harberg og Leon Lunde.



For første gong delte Sportsbui på Pyramiden ut eit stipend til ein ung og lovande idrettsutøvar. Knut Magne Bukve (t.v.) fortalte då han delte ut stipendet at dette ville dei gjere til ei årleg hending under Lustramarknaden. Stipendet i år på 5.000 kroner vart tildekt Mats

Bjørnar Leirdal som er ein eminent langrennsløpar.



Tysdag 7. juni heldt Egil Einan og Einar Bolstad ein flott konsert i Joranger kyrkje saman med Hafslo songlag og Hafslo mannskor. Det var musikk av Bach og Händel, salmar, negro spirituals og vårsongar. Det var solosong av Einar Bolstad og Einan spela cembalo og orgelpositiv.



Helga 4. – 5. juni var det songarstemne på Hafslo der 230 songarar sette kvarandre stemne. Hafslo songlag var vertskap og hadde invitert songkor frå heile fylket til å delta, i tillegg til gjestekor frå Bergen. Flotte arrangement både laurdag og søndag. Her er folketoget laurdag kome fram til Hafslo kyrkje der det var kyrkjekonsert. Foto: Renate Sæle.

Torgrim Redalen var invitert til Kulturtreffet som Gaupne helselag og Luster folkeakademiet arrangerte på Gaupne hotell. I eit veldokumentert innlegg tok Redalen oss med til nokre av dei lustraslektene som har sitt opphav i mellomalderen. Særleg framheva han den sentrale plassen Luster og områda her i indre Sogn har hatt for mellomalder-genealogien.



Fagdagen på Tørvis Hotel samla interesserte og engasjerte personar omkring tema lokal næringsutvikling. Omdømebygging var stikkordet i år, og dei som drog spennande og utfordrande resonnement på dette seminaret var f.v. Bård Huseby frå Tørvis Hotel, Egil Mundal frå Sogndal Fotball, Etti Salomonsen frå Turtagrø Hotel og Pål Medhus frå Hove Støtt.



Willy Aagre tok publikum med på eit musikalsk program med historiske anekdotar om den kjende tekstdfattaren Margrethe Munthe med røter frå Luster.



Ensamle Fanfaronner sprudla og gav eit framifrå sceneshow. Dei tre jentene dekka eit stort spekter underhaldningsmusikk, og med ei stemmeprakt som visste seg å få fram både smil og glede mellom eit regnvått publikum.



Hårfletting vart brått ein spennande aktivitet i Luster under marknadsdagen på laurdag. Mest på grunn av dei Eritreiske jentene som no er vortne lusteringar, og som stilte opp for å tilfredsstille dei mange, både gutter og jenter, som ville ordne litt på hårsvisen.



Norill Terese Norheim står som representanten for Luster sine Beste. Ho, saman med over 10 andre innslag av og med ungdom frå Luster, gjorde suksess på meir enn ei scene under Lustramarknaden i år. Spennande skal det også bli å sjå kor langt desse ungdomane kjem med talenta sine, starten er i alle høve god....

Personalnytt

Idunn Litlere tilsett som flyktningkonsulent

Idunn (f.1981) er fødd og oppvaksen i Naustdal, Sunnfjord. Ho er utdanna historikar frå Universitetet i Bergen, og har dei siste åra budd og arbeidd i Sør Asia. Ho byrja i stillinga som flyktingkonsulent i april, og har ansvar for tilrettelegging og oppfølging av flyktingar i kommunen.



Hanne Bisgård
vikarierer som
leiar for NAV
medan Trine
Aunan har permi-
sjon.



Ny ungdomskontakt

Det et tilsett ny ungdomskontakt i Luster, Linda Cathrin Huseby, som er busett i Marifjøra. Hovudoppgåvene hennar vil bli å ta del i kommunen sitt folkehelsearbeid og følge opp utviklingsprosjekt og tiltak, og vere kommunen sin kontaktperson for barn og unge. Ei viktig oppgåve vert også å samarbeide med barn, ungdom, lag og organisasjonar om drift og utvikling av aktivitetstilbod.





Nye rektorer

Ellen Havellen er tilsett som rektor ved Skjolden skule. Ellen er i dag tilsett i rektorstilling ved Dale skule.



Kjetil Sønnesyn er tilsett som rektor ved Indre Hafslø skule. Kjetil er i dag tilsett i undervisningsstilling ved Hafslø barne- og ungdomsskule.



Medarbeidarpresentasjon

I samband med at Luster kommune har teke i bruk nye heimesider, har ATS mellom anna laga ei eiga side for presentasjon av medarbeidarane sine. På denne sida får kvar einskild av medarbeidarane høve til å bli presentert med biletet, namn og arbeids- og ansvarsområde. Dette tilbodet har blitt svært godt motteke, og pr. dags dato har 37 av ca. 45 medarbeidarar valt å presentera seg på denne måten.

Du kan sjå meir på Luster kommune si heimeside: www.luster.kommune.no.



Luster kommune

Framsida | Kontakt oss | Viktig informasjon | Kunngjeringar | Stilling ledig | Administrasjon | Nettsida

Barn og familieliv Skule og utdanning Bustad og eidegdom Helse Natur og miljø Omsorg, sosial Alt tenester

Gjennomgangsmedlemmer

Opprett profil Logg ut

Søk nett...

AA AA

Barn og familieliv Skule og utdanning Bustad og eidegdom Helse Natur og miljø Omsorg, sosial Alt tenester

Framsida / Administrasjon / Einringing

ATS - medarbeiteromtalar

Medarbeiteromtalar ved Luster ATS

Namn	Namn
	
Odd Atle Steigjerderet Leiar	Kirsten Vikdal Nextleiar, Teamledar hjelplinje
	
Anne Margrethe Vedvik Teamleiar/sekretær i sykehuset og helseinstituttet	Lenore Tuften Teamleiar vedhåll-, matlina- gratinerbedrift
	
Anita Boen Arbeidsterapeut, vaskeri, kosthushelse	Anita Midan Arbeidsterapeut, serstillsfører



Her er leiargruppa i helse- og omsorg samla saman med Audhild Mork (t.h), som har bistått i leiarutviklinga.

Leiarutvikling

Helse- og omsorgsplan 2010-2012 vart vedteken av kommunestyret i desember 2009.

Eit av tiltaka var: Leiarutvikling - starta opp leiarutviklingsprogram for leirarar innan heile tenesteområdet.

Målsetting: Luster kommune ynskjer at dei nye leiara heilt frå starten skal skape tett/god samhandling og verte i stand til å dra "lasset ilag" mot felles mål. Ein må då ta utgangspunkt i den einskilde sine sterke sider og forbetringspotensiale.

Godt leiarskap er kanskje den viktigaste faktoren for kvaliteten på arbeidet med drift og utvikling av tenestene. Eit felles

utviklingsprogram gjev grunnlag for godt samarbeid. Viktig føresetnad for samhandling er at leiara frå heile tenesteområdet, dvs. Pleie-omsorg, Helse og ATS, er godt kjende og samkjørde.

Ein har i denne leiarutviklinga nytta LØFT-metoden. Dette er ei løysingsfokusert tilnærming, der ein fokuserer på det som verkar og tydeleggjer det som organisasjonen lukkast med. Merksemda vert retta mot framtid, løysningar og det som verkar konstruktivt. LØFT omfattar alt frå samtalar med enkelt-personar til arbeid med mindre grupper, heile avdelingar/organisasjonar og store grupper. Åtferd som blir gitt merksemd,

har ein tendens til å gjenta seg. Det er meir hensiktsmessig å snakke om det ein vil ha meir av, enn det ein vil ha mindre av. Det er nyttigare å finne ut kva folk gjer som verkar, enn det dei gjer som ikkje verkar. Når ein blir klar over kva ein gjer som har god effekt – og kva evner og talent ein tek i bruk for å få dette til – blir det meir av slike handlingar. Dette vil igjen vera med på å auka kvaliteten på arbeidet som vert utført.

I vår har leiargruppa hatt fleire samlingar, blitt godt kjende med kvarandre og tilbakemeldingane frå dei som har delteke er særskilt gode. Gruppa vil vidareføre samarbeidet med faste møte kalla nettverksLØFTet.



Valet 2011

Valdagen for kommunestyre- og fylkestingsvalet er mandag den 12. september.

Valkort

Alle som står i manntalet får tilsendt valkort. Her vil det vere informasjon om opningstid på vallokalet. Dersom du vil førehandsrøyste, tek du med valkortet ditt. Me lagar nytt valkort om du skulle ha forlagt det kortet du får i posten.

Legitimasjon

Vallova seier at ein veljar som er ukjend for røystemottakar skal legitimere seg. Ta derfor med legitimasjon når du skal røyste. Legitimasjon kan vere pass, førarkort eller bankkort med bilet.

Står du i manntalet?

Du vil bli manntalsførd i den kommunen og den valkrinsen som du ifølge Folkeregisteret er busett i den 30. juni 2011. Frå ca 20. juli kan du sjekke om du står i manntalet.

Hovudmanntalet vil bli lagt ut på biblioteket i Gaupne og på servicetorget på rådhuset. Krinsmannala vil bli lagt ut slik:

Nærkjøp Fortun, Nærkjøp Skjolden, Joker Luster, Ornes hos Odd John Bugge, Indre Hafslo barnehage, Spar Hafslo, Solvornbui, Joker i Jostedal, Matkroken Veitastrond.

Du kan også ringe servicetorget, 57 68 55 00 og spørje om du står i manntalet.

I år er det også Kyrkjeval

Kyrkjevalet vert halde same dag som kommunestyre- og fylkestingsvalet. Kyrkjelydsbladet informerer nærmare om kyrkjevalet.

Førehandsrøysting

Det er høve til å førehandsrøyste i servicetorget på rådhuset i Gaupne i tida 10. august til 9. september.

Opningstid for ordinær førehandsrøysting:

10. august – 7. september,
måndag – fredag kl. 08.00 – 15.30

Laurdag 3. september kl. 10.00 – 14.00

Torsdag 8. september kl. 08.00 – 18.00

Fredag 9. september kl. 08.00 – 20.00

Du kan førehandsrøyste her i kommunen hjå oss, eller du kan førehandsrøyste i ein anna kommune. Om du eksempelvis studerer i Bergen, kan du førehandsrøyste der. Då vil Bergen kommune sende røysta di til Luster. Ver merksam på at dersom du røystar i ein anna kommune, så har ikkje dei vallistene over partia i Luster. Du får såleis ikkje gje personrøyster.

Ta kontakt på rådhuset i den kommunen du vil førehandsrøyste i.

Tidlegrøysting:

Har du problem med å førehandsrøyste etter 10. august, får du høve til å røyste "tidlegrøyst" frå 1. juli til 9. august. Ta kontakt på servicetorget.

På institusjonar vil det bli eiga førehandsrøysting. Her treng du ikkje ta med legitimasjon. Alle veljarar har høve til å førehandsrøyste på institusjon, både bebuarar, tilsette og andre veljarar.

Hafslo omsorgssenter:

Tysdag 6. september kl. 11.00 - 13.00

Luster eldesenter:

Onsdag 7. september kl. 10.00 - 11.00

Luster omsorgssenter:

onsdag 7. september kl. 11.30 - 12.30

Gaupne omsorgssenter:

Torsdag 8. september kl. 11.00 - 13.00

Røyste heime?

Veljarar som på grunn av sjukdom eller uførleik ikkje kan røyste der det blir halde førehandsrøysting, kan etter søknad til valstyret førehandsrøyste der dei held til. Søknadsfrist er torsdag 8. september.

Du treng ikkje søkje skriftleg. Kontakt Luster kommune, servicetorget, 6868 Gaupne.

Tlf. 57 68 55 00.

Desse veljarane vil då få besøk av to røystemottakarar der dei held til.

Røysting på valldagen 12. september

På valldagen har me 10 opne vallokale i Luster kommune. Du kan røyste i den valkrinsen du er manntalsførd, eller i ein annan krins i kommunen. Eksempelvis kan ein person som bur i Jostedal røyste i Gaupne.

Vallokale:

Fortun gjendahus

Fjordstova

Dale skule- og samfunnshus

Rådhuset

Ornes bedehus

Ljosvang ungdomshus

Veitastrond skule

Hafslo samfunnshus

Solvorn skule

Jostedal samfunnshus

Opningstid:

Kl. 12.00 – 18.00

Kl. 12.00 – 18.00

Kl. 12.00 – 18.00

Kl. 10.00 – 20.00

Kl. 12.00 – 17.00

Kl. 12.00 – 18.00

Kl. 12.00 – 18.00

Kl. 10.00 – 19.00

Kl. 12.00 – 18.00

Kl. 12.00 – 18.00

Røysterett til kommunestyre- og fylkestingsvalet i Luster har:

Norske statsborgarar som

- vil ha fylt 18 år (gjeld fylkestingsvalet), 16 år (gjeld kommunestyrevalet) innan 2011, og som
- er eller nokon gong har vore folkeregisterført som busett i Noreg, og som
- ikkje har mista røysteretten etter Grunnlova § 53.

Tilsette i diplomatiell eller konsulatstellet og husstanden deira har røysterett sjølv om dei ikkje oppfyller busetjingskriteriet.

Ikkje norske statsborgarar som oppfyller dei andre krava, dersom dei

- har vore innførte i folkeregisteret som busette i Noreg dei tre siste åra før valldagen, eller
- er statsborger i eit anna nordisk land og har vorte folkeregisterført som busette i Noreg seinast 30. juni i valåret.

Fylkestingsvalet

Godkjende listeframlegg:

Det norske Arbeiderparti

Framstegspartiet

Høgre

Kystpartiet

Kristeleg Folkeparti

Kristent Samlingsparti

Miljøpartiet Dei Grøne

Raudt

Samfunnsdemokratane

Senterpartiet

Sosialistisk Venstreparti

Venstre

Meir informasjon om vallistene finn du på www.sjf.no



Dei fleste partia som stiller liste i Luster hadde samla seg med stand framfor rådhuset under Lustradagane.



www.stem1209.no er ein arena for politisk debatt om saker som engasjerer ungdom i den aktuelle kommunen. Pr. 7. juni er det ikkje lagt inn saker eller spørsmål frå Luster. Du kan nytte sjansen og bruke denne kanalen.

Kva val gjør 16- og 17 åringane?

UK arrangerer samling den 26. august

Mange vil følgje nøye med på valet i Luster denne hausten òg. No er det 20 kommunar som har ekstra fokus fordi 16- og 17 åringane får stemme ved valet til kommunestyret.

Storsamling 26. august

Det handlar om å førebu seg før eit val, både for veljarar og for dei som ynskjer å bli valde. Ungdommen sitt kommunestyre arrangerer samling på Hafslø fredag den 26. august, siste halvdel av skuledagen. Då vil det bli sett opp bussar frå Sogndal og elevane frå Sogndal vidaregåande og Luster vidaregåande får fri til å delta på samlinga.

Barneombod Reidar Hjermann har engasjert seg stort for at røysteretten skal setjast ned til 16 år. Han vil kome på samlinga. Det vil også Landsrådet for norges barne- og ungdomsorganisasjonar LNU sin leiar Flemming Roggbif Idsøe.

Partia i Luster blir sjølv sagt inviterte.



Partia samla seg med stand ved rådhuset under Lustramknaden.

Er du lustring på 16 eller 17 år i 2011?

Då kan du stemme på kommunestyrevalet i Luster. Dersom du ikkje brukar stemmeretten din, er det andre som bestemmer for deg.

Hugseliste

Før valet:

- Du får valkort i posten om du står i manntalet.

Ta vare på det og ta det med viss du vil førehandsstemme.

På valldagen:

- Møt opp på vallokalet ditt, det står på valkortet kvar det er. Ta med deg legitimasjon.
- Gå til avlukket der valsetlane ligg.
- Du finn den kvite setelen for det partiet du vil stemme på (ikkje blå – du har ikkje stemmerett på fylkestingsvalet).
- Du kan gje personstemmer ved å setje x i ruta framfor namnet på personar på lista.
- Du kan skrive opp namnet på inntil 6 personar frå andre parti sine lister.
- Brett stemmesetelen – det er hemmeleg val!
- Gå til bordet der valpersonalet sit.
- Dersom dei ikkje kjenner deg, må du vise legitimasjon.
- Du blir kryssa i manntalet.
- Du får legge stemmesetelen i urna.

Lykke til!

Har du spørsmål om valet, hjelper me deg gjerne.

Kontakt Anita Bjørk Ruud, tlf. 57 68 55 96. Sjå eiga valsida på www.luster.kommune.no og føl Luster kommune på Facebook

Vallister

Det skal veljast 25 representantar til kommunestyret i Luster.

Godkjende vallister til kommunestyrevalet 12. september 2011. Utheva skrift på kandidatane betyr at partiet har gjeve kandidaten tilleggsvøyst.

Ved kommunestyrevalet kan veljaren:

1. Gje ein eller fleire kandidatar ei personrøyst ved å setje X i ruta framfor namnet.
2. Gje personrøyst til inntil 6 kandidatar frå

andre lister. Ver merksam på at dersom du fører opp ein kandidat frå ei anna liste, tapar den lista du brukar ei listerøyst, medan lista kandidaten står på vinn ei listerøyst.

Det nye kommunestyret vil ha konstituerande møte den 20. oktober 2011. Då vel dei mellom anna formannskap og ordførarar.

Kommunestyrevalet i Luster 2011

Det norske Arbeiderparti

01	Torunn Gautepllass Hønsi	1971	Gaupne
02	Ivar Buskaker	1952	Hafslo
03	Finn Roald Skare	1952	Luster
04	Anette Stegegjerdet Norberg	1986	Gaupne
05	Morten Vigdal	1973	Jostedal
06	Marianne Bugge	1973	Ornes
07	Elin Hauge	1976	Skjolden
08	Kjell Bergum	1968	Indre Hafslo
09	Oddbjørg Ese	1960	Jostedal
10	Hanne Teigen	1986	Gaupne
11	Jorunn Ødegård	1960	Gaupne
12	Odd Atle Stegegjerdet	1958	Gaupne
13	Karita Hjelmeland	1975	Hafslo
14	Svein Tore Heltne	1975	Luster
15	Kåre Høyheim	1938	Høyheimsvik
16	Kjell Arild Brendstuen	1964	Gaupne
17	Anne Britt Kjærviik	1986	Gaupne
18	Geir Arne Kvam	1960	Hafslo
19	Anne Marie Bolstad	1978	Skjolden
20	Even Loe	1977	Jostedal
21	Hildegun Øygard Hansen	1969	Gaupne
22	Daniel Fosshheim	1991	Gaupne
23	Therese Vee Hilleren	1978	Veitastrond
24	Svein Arve Ruud	1980	Solvorn
25	Christin Sønnesyn	1976	Gaupne
26	Anne Helen Natvik	1974	Fortun
27	Bergljot Buskaker	1956	Hafslo
28	Kjell Magne Solstad	1967	Gaupne
29	Ole Geir Alme	1964	Luster
30	Helene Flatland Erfjord	1966	Hafslo
31	Eli Hansen Moen	1973	Skjolden

Torunn
Gautepllass
Hønsi



Ivar Buskaker



Finn Roald Skare



Anette
Stegegjerdet
Norberg




Morten Vigdal


Framstegspartiet

01	Ernst Veum	1941	Hafslo
02	Erling Schønning Vigdal	1974	Gaupne
03	Bjørg Kjos-Wenjum	1969	Hafslo
04	Arne J Hauge	1957	Skjolden
05	Kristin Hulen	1970	Gaupne
06	Siri Ann Skagen	1991	Høyheimsvik
07	Johannes Hauge	1945	Hafslo
08	Tommy Kjos Talle	1977	Indre Hafslo
09	Turid Øiene	1964	Skjolden
10	Kirsten Aanes	1953	Hafslo
11	Steinar Mørkrid	1962	Fortun
12	Olav Normann Beheim	1943	Hafslo
13	Harald Vatne	1941	Skjolden
14	Anne Grete Njøs	1965	Luster
15	Mariann Viken Oppedal	1971	Hafslo
16	Anja Skagen	1964	Skjolden
17	Hans Olav Hellesøe	1962	Solvorn
18	Jan Øyvind Bolstad	1971	Skjolden
19	Elmer Solberg	1958	Hafslo
20	Paul Morten Bjørk	1967	Gaupne
21	Karsten Helge Melheim	1958	Hafslo
22	Erik Bruhaug	1955	Fortun
23	Jan Øystein Oppedal	1974	Hafslo
24	Norvald Hovland	1936	Skjolden

Ernst Veum

Erling
Schønning
Vigdal

Bjørg Kjos-Wenjum



Arne J. Hauge



Kristin Hulen

Jon Ove Lomheim



Ellen Havellen

Astrid Eitrheim
Lerum

Steinar Bruheim



Gudny Alme

Venstre

01	Jon Ove Lomheim	1953	Hafslo
02	Ellen Havellen	1960	Solvorn
03	Astrid Eitrheim Lerum	1952	Sørheim
04	Steinar Bruheim	1955	Jostedal
05	Gudny Alme	1950	Luster
06	Helge Alme	1966	Hafslo
07	Vidar Aasen	1979	Jostedal
08	Inga Reidun Sjøthun	1973	Luster
09	Tordis Skjerdal Rauboti	1954	Solvorn
10	Ellen Borch Veum	1960	Gaupne
11	Magnus Ølnes	1984	Gaupne
12	Britt Elin Fossøy	1975	Jostedal
13	Eirik Kvalen	1954	Gaupne
14	Torill Yttri Otterhjell	1954	Fortun
15	Øyvind Kvalen	1955	Ornes
16	Kari Beheim Karlsen	1954	Hafslo
17	Olav Krokgilgja Stølen	1931	Jostedal
18	Kari Ida Lavoll	1953	Luster
19	Erling Bjørnetun	1955	Gaupne
20	Sandhya Karlsen Holene	1984	Hafslo
21	Harald Hess	1953	Hafslo
22	Jeanette Aaland Brun	1985	Jostedal
23	Geirr Vetti	1961	Skjolden
24	Elen Øygard	1938	Mollandsmarki

*Geir Arve
Sandvik*



*Britt Dagrunn
Brugrand*



Terje Bakke Nævdal



Ingar Norberg



Stine Sandvik

Høgre

01	Geir Arve Sandvik	1966	Gaupne
02	Britt Dagrunn Brugrand	1964	Hafslø
03	Terje Bakke Nævdal	1970	Gaupne
04	Ingar Norberg	1973	Jostedal
05	Stine Sandvik	1992	Gaupne
06	Erling Kåsine	1944	Gaupne
07	Susanne Heen Veum	1973	Gaupne
08	Hans Gulleik Grøndal Fuhr	1963	Gaupne
09	Hans Olav Sandvik	1964	Gaupne
10	Berit Marie Heltne	1952	Luster
11	Aleksander Loftesnes	1981	Gaupne
12	Robert Veum	1951	Gaupne
13	Øyvind Hatlevoll	1957	Ornes
14	Arne Aasen Hauge	1949	Jostedal
15	Elisabeth Veum	1992	Indre Hafslø
16	Tormod Kvalsvik	1971	Gaupne
17	Øyvin Tørvi	1984	Luster
18	Cathrine Brendstuen	1991	Gaupne
19	Nils Asbjørn Nes	1956	Veitastrond
20	Torbjørn Aunan	1978	Gaupne
21	Jorid Hauge Olsen	1946	Luster
22	Tor Kåre Fardal	1964	Skjolden
23	Gunvor Nærø	1938	Gaupne
24	Dag Lomheim	1970	Hafslø
25	Jonny Øvrebø	1972	Høyheimsvik
26	Kai Kvalsøren	1966	Høyheimsvik
27	Leif Arne Øvrebø	1959	Gaupne
28	Vigdis Valeberg Høyheim	1962	Hafslø
29	Stein Bugge Næss	1948	Høyheimsvik
30	John Ingar Bukve	1967	Marifjøra
31	Geir Øren	1963	Gaupne

Sosialistisk Venstreparti

01	Trine Hess Elgersma	1966	Jostedal
02	Pål Iversen	1971	Hafslø
03	Stine Mari Nytun Leirdal	1992	Gaupne
04	Elisabeth Dahle	1963	Hafslø
05	Ingeborg Hess Elgersma	1993	Jostedal
06	Lilian Nielsen	1966	Jostedal
07	Torill Ruud	1967	Hafslø
08	Reidun Elle	1969	Gaupne
09	Kjell Opheimshaug	1949	Indre Hafslø
10	Håvard Kastet	1977	Jostedal
11	Liv Byrkjeland	1963	Solvorn

*Ingeborg Hess
Elgersma*



Trine Hess Elgersma



Pål Iversen



*Stine Mari Nytun
Leirdal*



Elisabeth Dahle

Senterpartiet

01	Ivar Kvalen	1972	Hafslo
02	Marit Aakre Tennø	1977	Jostedal
03	Geir Paulsen	1954	Luster
04	Aina-Elise Stokkenes	1992	Skjolden
05	Svein Ove Slinde	1967	Gaupne
06	Mette Kringen	1966	Mollandsmarki
07	Oddmund Løkensgard Hoel	1968	Jostedal
08	Nelly Torunn Øygard	1956	Gaupne
09	Knut Hauge	1984	Hafslo
10	Nina Kristine Holen	1970	Luster
11	Oddgeir Kilen	1969	Fortun
12	Anne Sigrid Kvam	1975	Solvorn
13	Emil Heggestad	1980	Veitastrond
14	Anne Lise Haukadal	1960	Kroken
15	Steinar Schanke	1965	Indre Hafslo
16	Gøril Urdahl	1981	Luster
17	Knut Stokkenes	1966	Skjolden
18	Christine Morken	1992	Indre Hafslo
19	Laila Joranger	1971	Indre Hafslo
20	Ester Tronstad Oklevik	1972	Hafslo
21	Trygve Lerum	1961	Sørheim
22	Grethe Kristin Leirdal	1984	Gaupne
23	Per Høyheim	1969	Høyheimsvik
24	Hilde Skogstad Øvreås	1967	Skjolden
25	Per Arne Myklemyr	1981	Jostedal
26	Kjersti Eikum Tang	1969	Hafslo
27	Kurt Magne Fardal	1976	Gaupne
28	Jorunn Hillestad Sekse	1968	Hafslo
29	Jan Ove Fuglesteg	1972	Fortun
30	Ann Kristin Sperle	1980	Høyheimsvik
31	Per Birger Lomheim	1942	Hafslo

Ivar Kvalen

Marit Aakre
Tennø

Geir Paulsen

Aina-Elise
Stokkenes

Svein Ove Slinde

Tilkallingsvikarar innan sjukeheimsteneste og heimeteneste

Sjukeheimane og heimetenesta i Luster kommune treng tilkallingsvikarar ved sjukdom og anna kortidsfråver. Vi treng vikar for sjukepleiar, hjelpepleiar og heimehjelpar.

Er du interessert, kan du ta kontakt med:

Luster heimeteneste v/leiar Tone Kjærvik
Kveane, tlf. 57 68 57 13, mob. 918 07 550.

Luster heimeteneste v/teamleiar Henriette Sandvik, tlf. 57 68 10 15, mob. 415 58 560.

Luster heimeteneste v/teamleiar Arve Lomheim, tlf. 57 68 25 13, mob. 991 64 057.

Luster heimeteneste v/teamleiar Sissel Hovland, tlf. 57 68 57 06 - mob. 480 77 224.

Luster heimeteneste v/teamleiar Heidi Bolstad, tlf. 57 68 58 12, mob. 915 63 349.

Luster sjukeheimsteneste v/ leiar Kari Olseng Paulsen, tlf. 57 68 57 02, mob. 416 89 136.

Luster sjukeheimsteneste, avd. Hafslo, avdelingsleiar Ruth Karin Kvam, tlf. 57 68 58 04, mob. 952 34 367.

Luster sjukeheimsteneste, avd. Gaupne, avdelingsleiar Margrete Søhoel Røneid, tlf. 57 68 57 12 - mob. 975 08 678.

Luster sjukeheimsteneste, avd. Luster, avdelingsleiar Nina Kristine Holen, tlf. 57 68 25 02 - mob. 917 40 755.

Olaug
Høyheim



Thorleiv Hurthi



Beate Bondevik Lie



Oddny
Urnes



Tarald Espeland

Kristeleg Folkeparti

01	Olaug Høyheim	1956	Høyheimsvik
02	Thorleiv Hurthi	1976	Indre Hafslo
03	Beate Bondevik Lie	1978	Hafslo
04	Oddny Urnes	1978	Fortun
05	Tarald Espeland	1980	Hafslo
06	Willy Vigdal	1966	Gaupne
07	Åshild Hilleren	1955	Veitastrand
08	Aud Øygard	1948	Fortun
09	Olav Rygg	1952	Indre Hafslo
10	Grethe Nynes	1947	Gaupne
11	Gunnar Orrestad	1976	Luster
12	Reidar Solheimsnes	1940	Hafslo
13	Sonja Kristin Bjørnevåg	1979	Fortun
14	Arvid Heggestad	1953	Hafslo
15	Jan Henry Tverberg	1967	Luster
16	Borgny Tangen	1935	Hafslo
17	John Oddvar Vinda	1961	Gaupne
18	Signy Haldis Skagen	1950	Fortun
19	Margot Johanne U Neset	1951	Indre Hafslo
20	Einar Nygard	1944	Hafslo
21	Bergljot Snøtun	1951	Jostedal
22	Jorunn Gunnes Sie	1968	Hafslo
23	Olav Tverberg	1941	Indre Hafslo
24	Marianne Engjom	1961	Solvorn
25	Wenche Samnøy	1970	Fortun
26	Sigvald Høyheim	1980	Luster
27	Sigfrid Ahlin Søvde	1966	Hafslo
28	Randi Kalstad	1980	Gaupne
29	Kjell Egil Nes	1953	Veitastrand

Paneldebatt på Pyramiden



Radio Luster hadde invitert alle toppane på kommuneallistene til paneldebatt og valkampopping torsdag 9. juni. Bjørn Skovly og Alf Henning Evjestad leia utspørjinga. Utspørjinga vart sendt direkte

på Radio Luster, men du kan framleis høre den ved å klikke deg inn på www.radio-luster.org. På dette samansette biletet ser du frå venstre: Ernst Veum, Frp, Trine Hess Elgersma, SV, Ivar Kvalen, Sp,

Torunn Gautepllass Hønsi, Ap, Jon Ove Lomheim, V, Geir Arve Sandvik, H, og Olaug Høyheim, Krf. Foto: Per Birger Lomheim.



Her er det eit par som ynskjer ordførarklubba, og fleire som er klare for talarstolen i kommunestyresalen.

Ståande frå venstre: Olaug Høyheim, Jorunn Ødegård, Oddbjørg Ese, Nelly Torunn Øygard, Stine Mari Nytun Leirdal, Trine Hess Elgersma, Inga Reidun Sjøthun, Oddny Urnes, Grethe Nynes og Karin Leirdal (administrasjonen – politisk sekretariat).

Sitjande framme:
Hanne Teigen,
Bergljot Buskaker
og Anne
Margrethe
Alværn.



Luster er på kartet, no fordi fleire kvinner vil vere med i lokalpolitikken

I fire år har kommunen delteke i prosjektet "Utstillingsvindauge for kvinner i lokalpolitikken". Kvifor kom Luster med i prosjektet? Jo, fordi me hadde sørgeleg få kvinner i kommunestyret. I ein åtteårsperiode frå 1999 – 2007 hadde Luster kun 17,2% kvinner i kommunestyret. I inneverande periode er det 34,5%.

Demokratiet, folkestyret treng alle. Det ideelle er at kommunestyret skal spegle befolkninga i kommunen.

Det er 47,5% kvinner på listeframlegga til kommunestyrevalet i haust. 5 av partia har over 50% kvinner på lista si. 3 av 7 lister har kvinneleg ordførarkandidat.

Kvinnene på listene gjer seg no klare til valkamp. Eit seminar med kommunikasjonsrådgjevar Anne Margrethe Alværn i mai var ein inspirasjon for dei frammette. Ho hadde mange råd om å bruke ulike kanalar, korleis få fram bodskapen din og kva som er lurt når du blir intervjua.

Tre minutt på talarstolen, då får du sagt det!

No før valet handlar det om å fortelje veljarane kva du står for.

Det endelege resultatet av prosjektet ser me etter valet den 12. september. Godt val til alle!



Det er nyttig med gode nettverk. Her går praten lett ved matbordet. Frå venstre: Olaug Høyheim, Stine Mari Nytun Leirdal, Trine Hess Elgersma, Hanne Teigen og Britt Dagrunn Brugrand.



Kommunikasjonsrådgjevar
Anne Margrethe
Alværn har lang erfaring
frå informasjonsarbeid og hadde mange
råd til deltakarane.

Eit prosjekt som verkar

MÅLET FØRSTEN PÅTT: Leader-kommunen mål med å få 30% kvinner i kommunestyret. Ved tildelinga av kommunestolene må kommunen følgje denne målet. Dette betyr at kommunen ikke får få inn 100% kvinner i kommunestyret. Det er viktig at kommunen ikke må få inn 100% kvinner i kommunestyret.

BADE ADDESSARBEIDET: Kommunen må også arbeide med å få inn 30% kvinner i kommunestyret. Det er viktig at kommunen ikke må få inn 100% kvinner i kommunestyret. Det er viktig at kommunen ikke må få inn 100% kvinner i kommunestyret.

DET ER OPPFORDRERAKKANDET: Det er viktig at kommunen ikke må få inn 100% kvinner i kommunestyret. Det er viktig at kommunen ikke må få inn 100% kvinner i kommunestyret.

MENINGER OM TILSTØT: Det er viktig at kommunen ikke må få inn 100% kvinner i kommunestyret. Det er viktig at kommunen ikke må få inn 100% kvinner i kommunestyret.

FLEIRE PERSOVAR: Det er viktig at kommunen ikke må få inn 100% kvinner i kommunestyret. Det er viktig at kommunen ikke må få inn 100% kvinner i kommunestyret.

Avis:

DET ER KJØP CØMMUNEN: Det er viktig at kommunen ikke må få inn 100% kvinner i kommunestyret. Det er viktig at kommunen ikke må få inn 100% kvinner i kommunestyret.

DET FÅR DETTE: Det er viktig at kommunen ikke må få inn 100% kvinner i kommunestyret. Det er viktig at kommunen ikke må få inn 100% kvinner i kommunestyret.

Leiar i Sogn Avis
27. april 2011

Inspirerte lustrajenter skal ut i valkamp



Nye Lustringar

Connie Merkesdal kom attende med familien til Gaupne

Fortel litt om dykk sjølv.

Bakgrunnen, utdanning/yrke, kvar bur de no, etc.

Eg heiter Connie, er 23 år og bur i Gaupne ilag med sambuaren min og 2 barn på 6 og 2 år. Eg jobbar på kjøkenet på Indre Sogn Psykiatrisenter i Sogndal. *Kvífor flytte de til Luster kommune?*

Eg er opprinnelig innflyttar, og kom til Gaupne som 9-åring.

Flytta til Sogndal i 2007, men fann fort ut at eg sakna Gaupne

og flytta tilbake etter 3 år.

Kva er det beste med å bu i Luster kommune?

Kort avstand til det meste. I tillegg har Gaupne gode barnehagar og ein flott skule.

Eg har venner og familie her, noko som og vog tungt på vektskåla.

Kva kan Luster kommune bli betre på?

Barnehageplassar til innflytтарar.



Thomas Skerlie, Geir Marcus, Connie Merkesdal og Oliver.

Vedlikehald på kommunale bygningar og eigedommar.

Elles har eg ikkje so mykje å setja fingeren på.

Familien Viken Oppedal på Hafslo

Mariann, kan du fortelje litt om dykk sjølv. Bakgrunnen, utdanning/yrke, kvar bur de no, etc: Fram til i fjor sommar budde vi i Naustdal i Sunnfjord. Eg er utdanna muskelterapeut og apotektekniker, og har jobba som sjølvstendig næringsdrivande som muskelerapeut dei siste 3 åra i Førde og dei siste 2 åra i Sogndal. Mann min, Jan Øystein jobba som dekkansvarlig ved Bilklinikken i Førde, jobbar no som butikksjef og eigar av "Yes vi leker Sogndal" i Sogningen storsenter.

Kvífor flytte de til Luster kommune?

Vi flytta hit til Hafslo i fjor sommar, etter at eg ein periode på 1,5 år hadde pendla fram og tilbake til Naustdal og Sogndal for å jobbe ved mitt kontor i Sogndal. Eg treivst så godt her at eg hadde lyst til å få familien min ned hit, og det lykkast eg med.

Kva er det beste med å bu i Luster kommune?

Ein fantastisk plass å bu på. Her har vi alt i frå fjell, skog og

natur, vatn og flotte omgivelsar for ungane å vekse opp. Vi har ikkje angra ein einaste dag på at vi tok dette valet. Vi syns vi er veldig heldige som fekk oss eit slik flott hus med ei slik fantastisk utsikt over Hafslvatnet. Å sitte på kjøkkenet og stova å sjå soloppgang og solnedgang er berre veldig bra. Det er bra for helsa vår å kunne bu på ein slik plass. Eg brukar å seie at eg bur no der eg kunne tenke meg å reise på ferie til før, så eg kan ikkje ha det betre.

Kva kan Luster kommune bli betre på?

Vi sakna vel kanskje å kunne fått litt meir informasjon om korleis alt var tilrette lagt, aktivitetar å vere med på for barna, generelt informasjon om alt som er viktig å vite noko om når vi flyttar til ein ny kommune. Men vi har blitt veldig godt tatt i mot her, ungane stortrivst her, og vi syns det er mykje trivelege folk her. Eg kjente jo mange allereie gjennom jobben min, så eg viste jo kva eg gjekk til.



Ny familie på Hafslo. Dei likar å nyte utsikten over Hafslvatnet og håpar at andre gjer som dei og flytter til Luster

Er det noko du har lyst å legge til?

Nei, ikkje anna enn at eg håpar at folk som sit med hus som står tomme rundt omkring, tenker på at det er mange som oss som kunne tenke seg å bu her i Luster. Skal dette bli mulig må fleire opne opp for dette. Luster er jo ei perle av dei få å bu i! Landleg og fint, samtidig som du har alt av fasilitetar innanfor kort distanse.

Håpar andre gjer som oss å flyttar til Luster!

Tommy Paulsen og Stine Strømme i Marifjøra

Fortel litt om dykk sjølv. Bakgrunnen, utdanning/yrke, kvar bur de no, etc.

- Stine er opprinnelig fra Osterøy utenfor Bergen. Hun startet sin kokke karriere på Scandic Bergen airport som lærling i 2001 og var der helt til vi kom til Tørvis hotell. Tommy er opprinnelig fra Oslo. Han startet sin kokke karriere som lærling på Frognersesteren i Oslo. Etter det ventet Frankrike og Danmark. Etter 1,5 år i utlandet vendte jeg tilbake. Jobbet da litt rundt i Oslo igjen før turen gikk til Bergen. Etter 5 år i Bergen fant vi ut at vi ville bo litt landlig og prøve noe nytt. Vi trodde ikke det skulle bli så landlig som Luster men vi trives utrolig godt her i Marifjøra, hvor vi for tiden bor over kafeen. Vi er på leting etter en annen plass å bo her i Luster.

Kvifor flytte de til Luster kommune?

- Vi flyttet til Luster på grunn av at vi fikk jobb på Tørvis hotell. Da vi satt på terrassen en sen mai kveld i 2010 etter jobb intervju og så den flotte naturen og det flotte hotellet, måtte vi bare ta turen opp og jobbe.

Kva er det beste med å bu i Luster kommune?

- Det beste med å bo i Luster er den flotte naturen og alt det har å by på. Av fiske og turmiljøer og selvfølgelig alle de gode snille menneskene rundt her.

Kva kan Luster kommune bli betre på?

- Luster kan bli bedre på å gjøre mere for ungdommen. Ungdomshus eller noe lignende. Og selvfølgelig gå mer ut og spise så vi fortsatt har en jobb å gå til.



Folketalsutviklinga i Luster kommune

Folketal	pr.01/01 -97:	5115
Folketal	pr.01/01 -98:	5095
Folketal	pr.01/01 -99:	5035
Folketal	pr.01/01 -00:	5003
Folketal	pr.01/01 -01:	4954
Folketal	pr.01/01 -02:	4968
Folketal	pr. 01/01-04:	4926
Folketal	pr. 01/01-05:	4927
Folketal	pr. 01/01-06:	4889
Folketal	pr. 01/01-07:	4884
Folketal	pr. 01/01-08:	4870
Folketal	pr. 01/01-09:	4879
Folketal	pr. 01/01-10:	4945
Folketal	pr. 01/04-10:	4959
Folketal	pr. 01/07-10:	4980
Folketal	pr. 01/10-10:	5007
Folketal	pr. 01/01-11:	5023
Folketal	pr. 01/04-11:	5028

Endringar i 2011 :

Fødde:	13
Døde:	10
Innflytte:	33
Utflytte:	31

Slik knekte Jostedal fråflyttingskoden

Faksimile fra Bergens Tidende 23. mai 2011. Luster mot straumen. Bergens Tidende har i vår sett på ulike statlege tiltak og prosjekt for å auke tilflyttinga til distriktskommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane, og teke for seg aldersgruppa 20 – 40 år. Det er ikkje alltid at statlege løvyingar til slike prosjekt fører til auka tilflytting. Gledeleg er det å sjå at Luster toppar statistikken for netto tilflytting med 18 for 2009 i fylket vårt, og flott å sjå at BT trekker fram tilflyttingsprosjektet i Jostedal som positivt.

SMIL

Kjelde: Statistisk Sentralbyrå, kvartalvis befolkningsstatistikk.
NB! Talmaterialet for endringar siste kvartal er førebelse tal.



Premieutdeling Gaupne: Ordførar Torodd Urnes og medlem av Ungdommen sitt kommunestyre, Espen Sleppen Josvanger (med mikrofonen) stod for utdelinga av premiane til Maria Flåten Molland og Mathias Melheim.

BLÅS GRØNT natt til 17. mai!

Eit av Ungdommen sitt kommunestyre sine viktigaste satsingsfelt er å stimulere til at dei unge i kommunen kan ferdast i eit rusfritt ungdomsmiljø. Og aller mest – at dei kan møte opp og vise at ein kan feire natta til nasjonaldagen RUSFRI!

Tiltaket med "Blås grønt" går ut på at ungdommar frå 8. klasse og til og med dei som fyller 19 år kan møte politiet natt til 17. mai og "blåse grønt" i politiet sitt alkometer.

Totalt var det 67 ungdomar som var med i trekninga, etter blåsing på Hafslo og i Gaupne. Ungdommane som bles grønt har vore med i ei trekning av ein IPAD 2 og 3 IPOD.

Trekning vart føreteke på Luster lensmannskontor av lensmann Asle Karoliussen og Espen Sleppen Josvanger frå Ungdommen sitt kommunestyre.

Dei heldige vinnarane var:

1. premie: IPAD 2 – vinnar: Mathias Melheim, Gaupne
2. premie: IPOD – vinnar: Børge Urnes, Marifjøra
3. premie: IPOD – vinnar: Erlend Morken, Marifjøra
4. premie: IPOD – vinnar: Maria Flåten Molland, Gaupne



Premieutdeling Indre Hafslo. Etter at ordføraren og UK-representanten var ferdig med utdelinga av premiar i Gaupne, reiste dei til 17. mai-arrangementet på Indre Hafslo. Her fekk Erlend Morken (t.v.) og Børge Urnes sine premiar.



Gaupne fotballskule var best i kategorien Formidling og kommunikasjon.

Frå venstre: Rune Steig, Håkon Mogstad, Lasse Hærum og Julie Hatlevoll

Entreprenørane spirer i Sogn!

Alle 8. klassingane frå regionrådkommunane deltok då 9. klassingane stilte ut 23 elevverksemder på entreprenørskapsmessa i Leikanger.

Juryformann Alice Blålid frå Framtidsfylket hadde med seg Arnstein Hauståker frå Sparebanken Sogn og Fjordane og Jan Juliusmoen frå Høgskulen i Sogn og Fjordane. Dei fekk ei tøff oppgåve å kåre vinnarane i dei tre kategoriene. I kategorien "Nyskaping og kreativitet" vart vinnaren "Salongen" frå Flatbygdi skule i Vik. Jentene frå Flatbygdi får dermed bli med Statens vegvesen på tur til Hardanger – for å sjå og lære om bygging av den nye bruha. "Gaupne fotballskule" scora best i kategorien "Formidling og kommunikasjon". Gjengen frå Luster ungdomsskule reiser dermed til Førde og blir med å lage

ei sending for NRK Sogn og Fjordane. I kategorien "Miljø og berekraft" plukka juryen ut bedrifta "Dans med glede" frå Kaupanger skule i Sogndal. Dei får med seg ein lærar på tur til vindmøllepark i Vågsøy og guiding i havgapet med Måløy Vekst.

Over 50 bedrifter hadde registrert seg hjå Ungt Entreprenørskap for å vere med i tevlinga. 23 verksemder vart plukka ut, og det var god deltagning frå alle regionrådkommunane. I tillegg til besøk på stand, var alle 8. klassingane på besøk

hos to bedrifter på Leikanger. Totalt 10 arbeidsplassar tok i mot elevane denne dagen. Konferansier Rasmus Mo hadde ei stødig hand på takstokken, og psykolog Per Steinar Melås motiverte ungdomane til å tenke nytt og kreativt i sine engasjerande plenumsforedrag.

I alt 420 elevar deltok på messa i Leikanger. Dette er tredje gong Sogn regionråd arrangerer entreprenørskapsmessa for ungdomsskulane i Sogn. Den vellukka messa var eit vitnesbyrd om at entreprenørane spirar på ungdomsskulane i Sogn!



Betre barnevern i Luster med interkommunalt samarbeid

Luster er ein av tre kommunar som deltek i Sogn barnevern. Sjølv om avstanden til barnevernet er vorte større, så har tilliten til tenesta auka, og samarbeidet med skular, barnehagar, PPT og helsestasjonen har vorte betre etter etableringa.

Sogn barnevern vart etablert i september 2008 og er ei interkommunal teneste for kommunane Leikanger, Luster og Sogndal, der Sogndal er vertskommune. Sogn Barnevern er det største barnevernskontoret i fylket og har ca. åtte årsverk. Luster kommune deltek i prosjektet "Saman for barn og unge" i regi av KS og Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. Målet med det lokale prosjektet i Luster har vore å betra det førebyggande arbeidet og få større fokus på samordning av tenester. Det skal utarbeidast ei prosedyrehandbok for alle som jobbar med barn og unge. Denne skal bidra til at alle lett skal kunne finne rutiner og prosedyrar for samarbeid og samordning.

Berre positive erfaringar

Anne Helen Strandabø er leiande helsesøster i Luster kommune og lokal prosjektleiar. Ho fortel at kommunen berre har positive erfaringar med å delta i interkommunalt barnevern. Luster kommune har oppretta ei tverrretatleg gruppe samansatt av representantar frå barnevern,

helsestasjon, PPT, skular og barnehagar – eit helse-/sosialpedagogisk team (HSP-team). På dei tre største skulane i kommunen blir det halde tverrfaglige møte kvar månad. Dei mellomstore skulane og barnehagane har møte tre gonger i året. Barnevernet er representert på alle desse møta som var innarbeidde før det interkommunale barnevernet vart etablert. Barnevernet blir også innkalla til møte ved behov.

Får positive tilbakemeldinger

Torill Martinussen er leiar i Sogn Barnevern. Ho jobba tidlegare i barnevernet i Luster kommune og er tydeleg på at samarbeidet har vorte betre.

- Alle saksbehandlarane melder at dei opplever samarbeidet som svært godt. Vi får også positive tilbakemeldingar fra alle samarbeidspartnarane våre. Når vi er i møte med dei andre kommunane, løftar vi ofte fram Luster, fortel Martinussen.

Ho fortel at i Luster kommune er barnevernet ein inkludert og ynskt samarbeidspartner. Sjølv om avstanden har vorte større i kilometer, så er dei er ikke lengre unna enn ein telefonsamtale. Barnevernet har no fleire tilsette å spela på, og det å delta i samarbeid er høgt prioritert.

- Skal vi få til eit godt barnevern, må vi ha eit godt samarbeid med dei andre. Vi må ha følarar ute blant dei som ser borna i det daglege. Vi får no inn fleire meldingar enn før, og barnevernet kjem tidlegare inn i dei vanskelege sakene. Tilliten til barnevernet har auka dei siste åra, og tillit er nøkkelordet,



Leiande helsesøster i Luster Anne Helen Strandabø



Leiar i Sogn barnevern Torill Martinussen

avsluttar barnevernslia Torill Martinussen.



Sogn barnevern
Leikanger, Luster og Sogndal



Oppstarten.



Skuleklubben og skulpturen Tommy.

Kunst i Indre Hafslo barnehage

I år har barnehagen blant anna hatt fagområdet "Kunst, kultur og kreativitet" som tema. Etter å ha hatt besøk av ein kunstnar, og sett på ulike skulpturar i kommunen, fann vi ut at vi ville lage vår eigen skulptur.

I Rammeplan for barnehagen står det: *Gjennom arbeid med kunst, kultur og kreativitet skal barnehagen bidra til at barna tek i bruk fantasi, kreativ tenking og skaparglede.*

5-åringane i barnehagen fekk i oppgåve å teikne kvar sin fantasifigur. Det tykte ungane var kjempekjekt og ideane var mange. Ut frå teikningane til ungane, laga vi ei ny arbeidsteikning. Der fekk alle ungane med noko som dei hadde på teikninga si.

I rammeplan står det: *Personalelet må ha eit bevisst forhold til samspelet mellom kunst, kultur og leik.*

Prosessene vidare var å blåse opp ein ballong og ta på mange lag med aviser og tapetklister slik at

ballongen vart hard. Deretter male den og lage øye, munn, øyre, hår, armar osv. I denne delen fekk dei ungane som ville,

vere med. Den vaksne fann fram utstyr, og etter kvart ville mange vere med og hjelpe til. Her var det rom for at både små og store kunne få prøve seg. Vi jobba med figuren i 6 veker, både før lunsj og etter lunsj, inne og ute. Så her var det rom for å vere med når ungane hadde tid og lyst. Til slutt fekk dei eldste



Alle var med.

bestemme namn på skulpturen. I rammeplan står det: *Å vere saman om kulturelle opplevingar og gjere eller skape noko felles, bidreg til samhøyrsle.* Det har vore kjekt å ha eit prosjekt over tid, som heile barnegruppa, frå 2-6 år, har vore med

Besteforeldrefest i Indre Hafslo barnehage

Fredag 13. mai inviterte vi besteforeldra til "fest" i barnehagen. Dei som ikkje hadde besteforeldre som hadde anledning, kunne ta med seg nokon andre. Det er viktig for ungane at dei har nokon som er sin gjest.

Vi var heldige med veret i år og, så vi hadde laga til bord og stolar ute. Nokre av ungane var med og plukka blomster, som vi pynta borda med. Vi ynskte velkommen og song 3 songar til underhaldning: Kyllingen, tante Monika og 10 indianarar. Etterpå kosa vi oss med kake, saft og kaffi.

Til foreldremøte tidlegare i vår hadde vi laga ei fotoforteljing, som viste kva vi har gjort i løpet av hausten og vinteren. Den fekk alle besteforeldra sjå saman med ungane. Det er veldig kjekt for ungane å få vise fram barnehagen, og gjestene såg ut til å kosa seg. Dette er ein fin tradisjon som barnehagen kjem til å fortsette med!

Feriestengde barnehagar

Alle barnehagane i kommunen vil vere stengde i veke 29 og 30, frå 18. juli – 29. juli.

på. Det gjer at barna kan vise og hjelpe kvarandre, snakke saman om kva ein har vore med på, og kva ein har laga. Når figuren har vore på avdelinga og noko nytt har komme på den, har ungane gått bort og snakka seg imellom. Nokon forklarar og andre hører på. Det gjer at ungane får med seg mykje sjølv om alle ikkje har vore med på alt i prosessen.

Vi kosa oss med kake, saft og kaffi.



Kjekt med besök!



*Barna song:
Tante Monika*



Foreldremøte som arena for førebygging

Foreldra er viktige!

Dette er ein av konklusjonane som forskarar ved Örebro Universitet i Sverige kom med når dei avslutta si forsking på alkoholbruk hjå ungdom.

Førebyggingsprogrammet ÖPP (Örebro Preventionsprogram) set temaet ungdom og alkohol på dagsordenen i dei ordinære foreldremøta i ungdomsskulen.

ÖPP vart utvikla av forskarar ved Örebro Universitet i Sverige for ca 10 år sidan. Grunnen til det var dei politiske og samfunnsmessige endringane som oppstod då Sverige blei medlem i EU. Det første mellom anna med seg endringar i pris og tilgang på alkoholhaldige varer og fekk verknader for den generelle folkehelsa.

Frå hausten 2011 skal Luster kommune starta opp med ÖPP som eit førebyggingsprogram på ungdomsskulane. Innan 15-20 minutt blir det presentert forskingsbasert fakta om ungdom og alkohol og korleis foreldre sine haldninga er avgjerande. Målet er å førebygge tidlig alkoholdebut og drikking blant ungdom, og påverke foreldra si haldning til ungdomane sin alkoholbruk.

ÖPP er eit lovande førebyggingsprogram, som stadig fleire kommunar i Norge har teke i bruk, og skal ta i bruk, seier rusmiddelkonsulenten i Luster kommune Harris Snitjer.

Kvifor vender ein seg til foreldra?

Forsking på førebyggande tiltak viser at nettopp foreldra er den heilt avgjerande ressursen i eit framgangsrikt førebyggande

barne- og ungdomsarbeid.

Foreldra er viktigast, og alle foreldra vil det beste for borna sine. Difor er det også viktig å engasjere foreldra i det førebyggande arbeidet. Mange skular opplever at dei har fått eit stadig større ansvar for å oppdra elevane og ta seg av ulike sosiale problem. Eit nært samarbeid mellom skulen og foreldra er ofte ein undervurdert måte i det førebyggande arbeidet. For å lukkast gjeld det såleis *å involvere foreldra* – det er ikkje nok å berre informere dei.

Er foreldra avgjerande når borna er blitt tenåringar òg?

Det er ikkje uvanlig å ha ei førestilling om at borna no er blitt så store at det ikkje lenger spelar nokon rolle kva foreldra seier eller gjer, og at vennene er mykje viktigare. Men forskinga viser at dette slett ikkje er tilfelte. Familien og *foreldra har i realiteten størst betydning* når det gjeld å verne ungdommane mot å få problem eller koma skeivt ut i livet. Omsorgsfulle og tydelege foreldre er avgjerande. Det er særskilt viktig at foreldre verkeleg gjer klårt kor dei står i sentrale spørsmål. Det vil også gjelda for alkohol og drikking blant ungdom.

Er det ikkje ein myte at ungdommen drikker så mykje?

Mange foreldre "svevar" uvitande om kor mykje deira eigne born faktisk drikker. Mange tenker kanskje at alkohol- og rusmiddelproblem ikkje er noko som vedkjem deira born, og at dei kan stole fullt og heilt på dei. Men allereie i åttande klasse



Rusmiddelkonsulent Harris Snitjer fortel kor viktige foreldra er for å førebygge rusmisbruk.

er det høvesvis mange born som har drukke alkohol.

Eit viktig utgangspunkt for ÖPP-prosjektet er resultata av forskinga på ungdommen sine alkohol(u)vaner. Figuren nedanfor viser kor mange ungdommar i ulik alder som sjølv vedgår at dei har drukke seg rusa minst ein gong det siste året. Tal ungdom som drikker seg rusa, aukar raskt med alderen. Til eldre ungdommane er, til fleire svarar at dei har vore rusa.

Klart at ungdom drikker og til, men det er vel ikkje så farleg?
Mange foreldre tenker kanskje slik:

"Barnet mitt drikker rett nok alkohol, men det er vel ikkje så farleg? Sjå på meg – eg drakk då eg var ung, men eg tok ikkje noko skade av det. Ein treng vel ikkje å bli avhengig berre fordi ein drikker alkohol ein gong i blant?"

Men mange tenåringar prøver ut grensene, og gjer ting som slett ikkje er bra for dei. Dei eksperi-

menterer med alkohol, røyking og skulking. Dei aller fleste unge kjem gjennom denne perioden utan større bekymringar, og utan å få problem eller utvikle misbruk. Men forsking har samstundes vist at unge som debuterer tidlig med alkohol, har auka risiko for å utvikle alkohol- og rusmisbruk på kort og lang sikt, og til å pådra seg ulike akutte skader. Døme på alvorlige risikosituasjonar er ulukker, slagsmål, vold, tjuveri og risikofylte eller uønska seksuelle situasjoner. Ungdommar som er rusa, risikerer å gjere ting som dei ikkje ville ha gjort i edru tilstand. Dei kan koma til å angra seinare, og det kan få alvorlege negative sosiale følgjer. Det er mange gode - vitskapelege og veldokumenterte - grunnar til å utsetje alkoholdebuten og redusere drikkinga blant ungdom.

Kvifor blir alkoholbruken teken opp med foreldra lenge før det er aktuelt?

Det er forskingsresultata som dokumenterer verknaden av kva for normer for alkoholbruk foreldra formidlar til borna sine. Det er viktig at foreldra snakkar med borna om alkohol og gjer det klårt at det ikkje er ok å

drikke når ein er tenåring. Det har også stor betydning at foreldra får støtte av andre foreldre og formidlar denne bodskapen til borna sine så klårt og tydleg som mogeleg.

For at det skal vere mogeleg å førebygge problem gjeld det å handle før problema oppstår og før ungdommane har byrja å prøve ut alkohol. Det har vist seg at dei fleste foreldre har eit restriktivt syn på alkohol når borna er mindre. Men i takt med at borna blir eldre, tillet dei gjerne meir. ØPP tek utgangspunkt i nettopp i dette. Programmet startar før borna har byrja å drikke og medan mange foreldre framleis har ei restriktiv holdning til dei unge sin alkoholbruk. Målet er å oppretthalde den restriktive haldninga, også når borna kjem opp i tenårsalderen.

Korleis vert ØPP gjennomført i praksis?

Programmet er enkelt. Det består av korte foreldremøte ein gong i semesteret, og etter dei ordinære foreldremøta i åttande til tiande klasse. Møta vert leia av eigne framvisarar som har fått opplæring i programmet.

Foreldremøta tek ca 15-20 minutt.


Ansvaret for gjennomføring av ØPP-prosjektet i Luster kommune er rusmiddelkonsulent Harris Snitjer i samarbeid med kommunen sine helsesøstre, samt rektorene på ungdomsskulane i kommunen. Det er Bergensklinikene, avdeling Kompetansesenter Rus (KoRus Vest Bergen) som har fått hovudansvaret for ØPP-prosjektet i Norge.

Manifest mot mobbing i alle kommunar

Innsats mot mobbing nyttar der det vert arbeidd systematisk. Derfor ynskjer vi at alle landets ordførarar skal forplikta seg til å delta i arbeidet ved å skriva under på eit lokalt manifest, seier kulturskapsminister Kristin Halvorsen

Arbeidet mot mobbing står høgt på den nasjonale politiske dagsorden, og vi vil også forsterke innsatsen nasjonalt. Men for å lukkast treng vi at dei lokale politikarane tek ansvar og syner engasjement. Mobbing må motarbeidast systematisk på kvar einaste skule og i kvar kommune. Derfor ynskjer vi at alle landets ordførarar skal plikta seg til å delta i arbeidet ved å skriva under på eit lokalt manifest, seier Kristin Halvorsen.

Prosentdel ungdommar som har vore rusa minst éin gong det siste året (2008)





Manifest mot mobbing vart underskrive på skuleleiarmøtet den 12. mai av ordførar Torodd Urnes, skulane i Luster v/ Inger Marie Evjestad og koordinator for Olweusarbeidet i Luster Ragnhild Sviggum.

Manifest mot mobbing

Olweus – arbeidet i Luster kommune

Opplæringslova, § 9a-3, som omhandlar det psykososiale miljøet til elevane, er grunnlaget for arbeidet.

Målet med arbeidet

Målet med arbeidet er at alle born og unge på skulane våre skal ha eit godt og inkluderande oppvekst og læringsmiljø med nulltoleranse for mobbing. Skal vi nå det målet, må vi jobba systematisk med haldningsskapande arbeid over tid, og med god struktur.

Dei vaksne på skulen er dei viktigaste personane i kampen mot mobbing. Dei skal vera tydelege vaksne som bryr seg om korleis borna har det og som fangar opp når det er noko som ikkje er som det skal.

Ulike typar mobbing

Direkte mobbing kan vera både fysisk og verbal, og den er som regel lett å oppdage. Den skjulte

mobbinga derimot, går føre seg på utspekulerte måtar som gjer den særskilt vanskeleg å oppdage. Det kan til dømes vera utestenging, blikk, baksnakking, rykte, sms-meldingar...

Vi må hugsa på at verbal, sosial og psykisk mobbing er mykje meir utbreidd enn fysisk mobbing. Det som er viktig når det gjeld all type mobbing, er at dei som mobbar får klar beskjed frå skulen kva som er akseptert og kva som ikkje er det, og at det vert forventa at dei gjer ting annleis i framtida.

Olweusteamet i Luster arbeider ut årshjul for skulane kvart år, der det vert sikra at arbeidet mot mobbing vert utført på skulane. Det vert avsett tid, slik at lærarar får tid til å snakke om tema på skulen og legge konkrete tiltak , vi sikrar tid til elevane, der dei skal få kunnskap om korleis dei kan bygge gode relasjonar til kvarandre og arbeida

med gode haldningar og førebygging av mobbing og vi sikrar tid til godt foreldresamarbeid, der vi nyttar oss av den ressursen dei utgjer.

Sertifisering av skular

Fleire av skulane i Luster gjennomfører arbeidet etter kriterium i Olweus standard og kan mælda skulen opp til sertifisering. Arbeidet med å sertifisera skular i Luster, er i gang.

Når ein skule vert sertifisert, kan skulen dokumentera at det vert jobba systematisk og langsiktig med arbeid mot mobbing.

Om det ikkje vert arbeidd kontinuerleg, vert det fort gjort rom for mobbing att.

Vi skal gjera handlingsrommet for ugrei åtferd så snever som mogeleg, slik at tanken vert at: ”dette giddar eg ikkje , fordi det er alltid nokon som ser og grip tak i det eg gjer”

Banksjef Oddstein Haugen: Luster er heldig som har så mange flinke ungdomar

Åtte lovande ungdomar med ambisjonar fekk tildekt 10.000,- kroner kvar som stipend frå Luster Sparebank under Lustramarknaden laurdag 11. juni.

Luster Sparebank har som mål å støtta opp om unge mellom 16 og 25 som har ambisjonar. Stipendet er blitt delt ut kvart år sidan 2004 og går til ungdomar som satsar målmedvite for å ta eit vidare steg innan sang, musikk eller annan kultur, - vil utvikla seg innan idrett,/sport, - eller har gode idear og planar om å driva eiga næringsverksamd.

- Vi er heldig i Luster som har så mange flinke ungdomar. Stipendet er eit lite bidrag til hjelp for å utvikla seg vidare innanfor sin interesse, sa banksjef Oddstein Haugen under utdelinga i rådhusparken. Haugen stod for stipendutdelinga saman med styreleiar i Luster Sparebank, Bjarne Venjum. Dei åtte som fekk stipend på 10.000,- kroner har ulike interesser, men har det til felles at dei har ein plan for å koma vidare med utvikling av talenta og interessene sine.

Dei åtte som fekk stipend er:

Kultur:
Eline Brun, Jostedal, 17 år, musikk/song. Prestasjonar: kom vidare i Fylkesmönstringa i 2 år + spelejobbar. Ambisjonar: Vil satsa på musikken. Går musikklinja på Firda.



Frå venstre: Lars Erik Espe, Eline Brun, Daniel Volle, Marte Erfjord, Hermund Prestegård, Geir Steig, banksjef Oddstein Haugen, Karoline Nyløy og styreleiar Bjarne Venjum. Einar Fossøy Gulbrandsen var ikkje til stades.

Daniel Volle, Skjolden, 22 år, film. Prestasjonar: Har laga mange filmar og fått fleire priser. Produsert musikkvideoar for lokale artistar og selskap.

Næring:

Hermund Prestegård, Gaupne, 19 år, gardsdrift. Har overteke garden Prestegård. Vil byggja vedfyrt anlegg til oppvarming til erstatning av elektrisk straum og olje i 2 våningshus og fjøsen.

Lars Erik Espe, Jostedal, 23 år Sagbruk/landbruk. Prestasjonar: Agronomutdanna, medeigar i Espe gardsdrift, deltar på kurset Alkymisten til Innovasjon Norge. Vil etablere sagbruk for material til restaurering av eldre hus.

Idrett:

Marte Erfjord, Hafslo, 16 år, langrenn. Prestasjonar: Ungdomens Holmenkollrenn i 2

år. Hovudlandsrennet 2 år. På krinslaget i langrenn. Vunne SSF-cup i sin klasse.

Einar Fossøy Gulbrandsen, Jevnaker 18 år, langrenn. Prestasjonar: Deltek i Norgescupen og NM 44.plass i NM sprint, 3.plass KM Oppland, hadelandsmeister, div, rulleskisprintar.

Karoline Nyløy, Fortun, 19 år, hestesport. Prestasjonar: Sprangridning (1,05), LC dressur, lett presisjonskjøring. Går hestelinja på Fjordane folkehøgskule.

Geir Steig, Luster, 16 år, langrenn. Prestasjonar: SSF-cupen nr 2, Ungdomens Holmenkollrenn nr 13 i klassisk, vestlandsmeistar 2 gonger, 5 kretsmeistertitlar, nr 61 og 65 i Hovudlandsrennet.



Arrangørgruppa, frå venstre Silja Juklestad (Jølster), Inger Helen Sivertsen (Gloppen), Marit Elisabeth Larsen (Gloppen), Ingvild Hjelmtveit (Jølster), Inger Moe (Luster) og Margrethe A. Solheim (Gloppen). Ola Tarjei Kroken frå Gloppen var også med i gruppa.

Gjer oss heite!

- Nasjonal konferanse om bulyst.

"Å ha fridom til å velja kor ein vil busetja seg er ein føresetnad for nasjonal velstand og utvikling. Samfunnsanalytikarar som fortel oss at det er därleg økonomi å bruka pengar på tiltak i distrikta tek feil", hevda Liv Signe Navarsete i opninga si av bulystkonferansen på Skei i april.

Det var kommunane Luster, Jølster og Gloppen saman med Sogn og Fjordane fylkeskommune som inviterte til nasjonal bulystkonferanse under mottoet "Gjer oss heite". Konferansen samla nærmare hundre deltakrar og eit knippe av dei heitaste



Folk i fleire hus, slik er ståa

Til no har ca 120 eigalar av hus utan fast busetnad motteke eit brev frå prosjekt "Folk i fleire hus", der det stå om satsinga vår for å få fleire eigedomar tilgjengelege på marknaden for folk som har lyst å kjøpa seg ein stad å bu i Luster kommune. Ca 80 av desse har også fått telefon frå prosjektleiar Inger Moe.

Ein eigedom er førebels sold gjennom prosjektet, og det er fleire som er lagt ut for sal/utleie eller som me veit kjem på sal etter kvart.

ekspertane til å setja lys på nokre av problemstillingane ein har kring busetjing i distrikta. Det handla mellom anna om korleis ein kan skapa handlingsrom og imøtekomma tilflyttarar som har lyst til å skapa seg inntekt ut av spenstige idear. Eit viktig stikkord for fleire av føredraga var integrering. "Folk lyt få lov å kalla seg jølstring, jamvel om dei ikkje er tredje generasjons jølstring,- og det på begge sider" vart det sagt.

Det oppstod god heit diskusjon kring spørsmålet om kva som skal til for å få fart i omsetjinga av landbrukseigedomar. Frå podiet var det, ved Frode Flemsæter frå Norsk senter for bygdeforskning, hevda at kjenslemessig tilknyting hjå den enkelte eigar er det største hinderet for sal av fråfyltta gardsbruk. Luster kommune sitt eige prosjekt "Folk i fleire hus" var trekt fram som eit døme på korleis ein kan jobba med å styrka busetjinga i utkantane. Det er planlagt at bulystkonferansen skal verta ei årvisst tilstelling, og neste år vert temaet formidling.

Alle foto: Inger H. Aske Lothe



Frode Flemsæter frå Norsk senter for bygdeforskning tok opp utfordringane knytte til sviktande omsetnad av landbrukseigedomar.



"Visjonen min er at unge om 50 år også skal oppleva at det er liv og aktivitet i distrikta, dette kan me sikra gjennom gode politiske beslutningar no", sa Liv Signe Navarsete i opninga av bulystkonferansen.

Kva er det som skaper gode ambassadørar for eit lokalsamfunn? May Camilla Munkejord, forskar ved Høgskulen i Finnmark, hadde interessante innspel tufta på funn frå to småsamfunn i Finnmark. Mellom anna kunne ho visa at kvinner treng andre handlingsrom enn menn for å trivast.



Rhys Evans frå Høgskulen for landbruk og bygdenæringer fortalte om grasrotengasjement i rurale deler av Skottland, der størstedelen av ressursane er eigmeld av nokre få mektige godseigarar.

"Mellom fjell, fjord og folk"

Naturarvprosjektet i Luster

Her kjem eit informasjonsbrev frå "Mellom fjell, fjord og folk". Eit prosjekt i Luster kommune med mål om å auke verdiskapinga knytt til naturområda i Luster. Ønskjer du å få informasjonsbrev på e-post i framtida? Send e-postadressa til torkjel.solbraa@luster.kommune.no

Nyhende frå delprosjekta

Prosjektet har seks ulike delprosjekt: kunnskap, infrastruktur, tematurisme, mennesket i landskap, mat og lause midlar. Her kjem litt info om kva som rører seg i dei ulike delprosjekta:

Delprosjekt – Kunnskap i alle ledd

- Det er lansert eit særskilt tilbod om rafting- og brekurs til lokal ungdom mellom 17 og 26 år i sommar. Påmeldingsfrist var 10. juni, men kan hende det er nokre ledige plassar. Meld frå til Elvepurka for rafting og Jostedal breførarlag for brekurs.
- I lag med Michael Schmidt lanserer "Mellom fjell, fjord og folk" naturskule for 3., 4. og 5. klassingar ei veke i sommar. Tilbodet vart fullt i løpet av 2 dagar(!), men erfaringsmessig kan sjansen by seg dersom du står på ventelista. Meld frå til gyldneaebler@hotmail.com.
- Etter initiativ frå Luster vidaregåande skule har me byrja planlegginga av bygdeverts-kurs. Ønskje er å gi lustering-

ar m.fl. meir kunnskap om kommunen dei bur i og korleis kunnskapen kan vidareformidlast til besökande. Ytterlegare info vil komme nærmare hausten.

Delprosjekt - Infrastruktur som drivhjul

- Saman med lag og organisjonar har kommunen søkt Gjensidigefondet om stønad til merking av turstiar etter ny, nasjonal standard. Engasjementet har vore stort rundt i bygdene og me håpar på svar i nærmaste framtid. Det er kome signal om stor sokarpågang frå fylket, så me får krysse fingrane for positiv sakshandsaming.
- Prosjektet ønskjer særleg å stø initiativ til sykkelstiar i kommunen. Både for å betre nærmiljøtilbodet og for å utvide familievenlege aktivitetstilbod til turistar. Ta kontakt om interesse.
- Prosjektet mottek også gjerne initiativ til opparbeiding av oppholdssteder i turområde eller liknande. Til no er det teke konkrete initiativ både i Fortun, Veitastrond og Jostedal for å få på plass ras-teplassar, klatreparkar og/eller utkikkspostar.
- Stølsnatt: Ta kontakt med prosjektleiinga dersom du vil restaurere stølsbygning for reiselivsformål og ønskjer nytte tilbodet om fagleg bistand i planlegginga.

Delprosjekt – Tematurisme, tematisk mangfald

- Sit du inne med ein natur- eller kulturbasert reiselivsidé? Kanskje naturarvprosjektet



Prosjektleiar Torkjel Solbraa

kan hjelpe deg med å gjøre ideen til realitet. Ta kontakt med prosjektleiar for ein uformell prat.

- Marte Kjernsholen jobbar hjå Kunnskapsparken i Sogndal. Ho er ein god kontaktperson for deg som vil starte eiga verksemd innan mat- eller naturbasert næring. Sjå www.kpsf.no for meir info.
- Reiselivsverksemder i Luster og Sogndal har tilbod om gratis testtur med aktivitetsverksemder i Luster gjennom heile sommarsesongen. Nytt det som opplæringstilbod til resepsjonsmedarbeidarane dine! Rett ein førespurnad til følgjande aktivitetsverksemder for flotte opplevelingar i ditt nærmiljø:

FjordSeal – kajakkturar
Jostedal breførarlag – breturar
Ictroll – breturar og kajakkturar

Bilete: Hest, fotograf Inger Handegård



Elvepurka – rafting
Leirdalen bre og juv – breturar og juving
Tørvis – 2-timars fjordcruise
Norgesguidene – grottetur og blåisvandring
Luster paintball – paintball

Delprosjekt – Menneske i landskap

- Delprosjektet er framleis i oppstarten. Prosjektet vil i hovudsak fokusere på ein lyd- og biletproduksjon på fast visningsstad og ei temarundreise i kommunen. Rundreisa skal formidle kunnskap om Lustra-natur og Lustra-kultur gjennom måleri i landskap. Vil du vite meir, ta kontakt med prosjektleiar.

Delprosjekt – Lokal mat naturlegvis

- Me kartlegg interessa for eit samarbeidsprosjekt med ”Mat langs nasjonal turistveg”, Lustramat og Luster vgs. Dette vert truleg ikkje avklara før til hausten.
- ”Mat langs nasjonal turistveg” er eit regionalt matprosjekt kor Sognefjellsvegen får mykje fokus. Ønskjer du å vite meir om satsinga? Ta kontakt med prosjektleiar Egil Ørjan Thorsen for meir info sognefjellet@gmail.com.

Delprosjekt – Lause midlar

- Sit du på ein god idé som ikkje passar inn i nokre av dei andre delprosjekta? Fortvil ikkje, ein eigen pott er

sett av kvart år til tiltak som ikkje er påtenkt, men som er for gode til å oversjå. Ta kontakt med prosjektleiar om du sit inne med noko.

Prosjektet på nett

”Mellom fjell, fjord og folk” har fått ei eiga prosjektside på www.luster.kommune.no. Gå til startsida og klikk på ”Naturarven” i høgre biletkant. Me har også laga vår eiga side på Facebook. Søk på ”Mellom fjell, fjord og folk” så finn du den. Og ikkje minst, hugs å trykke på Like-knappen, då får

du all informasjon først. Sprei bodskapen, me treng fleire følgjarar.

Mal for søknad om tiltak

På prosjektsida ligg det også ein mal for tiltaksbeskriving. Malen kan nyttast dersom ein ønskjer å söke om stønad til tiltak fra ”Mellom fjell, fjord og folk”.

Siste oppmoding

Hugs at den beste og enklaste måten du kan få i verksett ein idé på, er å ta tak i den sjølv. Prosjektleiinga vil sjølvsagt hjelpe deg på vegen så langt som råd.

For spørsmål eller innspel ta kontakt med:

torkjel.solbraa@
luster.kommune.no
Mobil: 95935241

Kontorstad: Luster Rådhus

Barnepark ved Breheimsenteret

I samband med det store prosjektet

”Naturarven som verdiskapar”, som Luster kommune og Breheimsenteret har fått tildelt i lag, skal Breheimsenteret lage ein liten aktivitetspark for barn. Det blir ei rekke balanse- og klatreapparat i låg høgde, slik at det skal vere trygt. Senteret reknar med å montere alt i løpet av juni månad, og ynskjer alle ungar velkomne til å prøve seg.

Same type aktivitetspark er også planlagt i Fortun, også som ein del av prosjektet.




Bustadbygging

Åra som gjekk.

Folketalet i Luster har auka etter 2008. Auken har vore spesielt stor i åra 2009 og 2010, og kjem av at det er fleire som flytter inn i Luster enn som flytter herifrå. Dei som kjem hit, må ha ein stad å bu, og det vil vere naturleg å tru at bustadbygginga må aukast tilsvarande for å skaffe hus til dei som flytter hit.

Førebelts har me ikkje hatt ein slik auke i bustadbygginga. Tabellen nedanfor viser kor mange husvære det har vore bygt i bygdene i Luster frå 2006 og fram til i dag. Her går det fram at 2007, som var eit år der folketalet gjekk ned, var eit toppår for byggjemanding av bustader.



Frå Orrhaug,
Nes.

Område	2006	2007	2008	2009	2010	I alt: 2006-10
Hafslo	12	14	4	6	5	41
Gaupne	5	28	5	3	2	43
Luster	3	0	0	1	0	4
Nes/Høyheimsvik	4	2	1	3	1	11
Solvorn	0	3	1	1	0	5
Indre Hafslo	0	0	3	1	1	5
Jostedalen	2	3	1	0	1	7
Skjolden	0	2	2	0	3	7
Fortun	1	0	1	0	0	2
Veitastrond	0	1	0	1	0	2
I alt	27	53	18	16	13	127

Byggjemande bustader/husvære, fordelt på bygder og år.

Etter kommuneplanen frå 2008, skal det leggjast til rette for bygging av 25 – 30 bueiningar årleg. Førebelts ligg me godt under dette talet. Dette kan skuldast at det for tida ikkje er ledige tomter i kommunale bustadfelt i Gaupne og på Hafslo. Eit nytt trekk dei seinare åra er elles at ein større del av husværa blir bygde konsentrert, dvs. i hus med fleire husvære. Dette gjeld særleg nær sentrum i Gaupne, men også på Hafslo. I det planlagde bustadfeltet på Hafslo, førebels kalla Beheim 2, legg reguleringsplanen opp til at det kan byggjast terrassehus

nærast Hafslo sentrum. I seinare tid har også private grunneigarar regulert og lagt ut område for bustadbygging.

Bustadområdet Orrhaug på Nes er eit slikt område som no er fullbygt.

Framtidig utbygging.

I det planlagde bustadområdet på Haugane – Tandle i Gaupne viste nærmere undersøkingar at grunntilhøva er vanskelege, med m.a. kvikkleire. Kommunal utbygging her er skrinlagd. I staden har kommunen framskunda regulering av 2 mindre felt i Gaupne, ”Verket 2” og

”Salen”, like under Røslebakkane.

På Hafslo er arkeologar i gang med undersøkingar i det planlagde bustadområdet på Beheim. Reguleringsplanen kan ikkje vedtakast før arkeologane er ferdige med arbeidet sitt, dvs. tidleg på hausten i år. Går alt bra, kan området opparbeidast i 2012.

I Borhaug i Solvorn er me i gang med forhandlingar om kjøp av grunn, opparbeiding kan ta til når Luster kommune har fått hand om arealet.



Hestnes D ved Hafslovatnet er no fullbygt.



Tett bustadbygging, Hestnes E.



Verket i Gaupne er no fullt utbygd.

Nasjonalparkforvaltar for Breheimen på plass

Magnus Snøtun, Jostedal, skal vikariere for Eldrid Nedrelo som skal ha permisjon til sommaren / hausten 2012.

Magnus Snøtun får kontorplasse-ring på Rådhuset til Luster kommune i Gaupne, og vil, saman med til-svarande stilling i Skjåk, utgjere sekretariatet for det nye nasjonalparkstyret for Breheimen. Arbeidsoppgåvene til ein nasjonalparkforvaltar omfattar m.a. sekretærarbeid for styret, utarbeiding og oppfølging av forvaltnings-plan, førebuing av søknader om dispensasjona-r frå verneforskriftene, oppfølging av even-tuelle brot på verneforkriftene, informasjons-arbeid, planlegging og iverksetjing av skjøts- og tilretteleggingstiltak.

Nasjonalparkforvaltaren vil samarbeide tett med Statens naturoppsyn sin lokale represen-tant som også til dagleg har kontor på Rådhuset i Gaupne. Vidare vil forvaltaren ha kontakt med kommunane, grunneigarar, interesseorganisasjonar og andre brukarar av verneområda.

Forvaltningsoppgåvene omfattar Breheimen nasjonalpark, Mørkridsdalen landskapsvern-område, Vigdalen landskapsvernområde og tilgrensande verneområde i kommunane Skjåk og Lom i Oppland.

Magnus Snøtun har master i naturforvaltning ved Universitetet for miljø- og biovitenskap. Han har m.a. arbeidd med bygdeutvikling, prosjektleiar for småkraftutbyggingar, kom-munedelplanar for småkraft, og arbeid med konsekvensutgreiingar for industri og vind-park. Han har arbeidserfaring frå Luster Energiverk og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Sidan årsskiftet har han vore tilsett hos Fylkesmannen med hovudarbeidsområde innan vassdragsforvaltning.



Tap av frådrag ved kontant betaling

Frå 2011 går retten til både skattefrådrag og frådrag for meirverdiavgift tapt ved kontant betaling.

Stortinget har vedteke at betaling av varer og tenester frå 1. januar 2011 må skje via bank eller anna føretak som har rett til å driva betalingsformidling for at retten til skattefrådrag og frådrag for meirverdiavgift ikkje skal gå tapt.

Denne regelen gjeld også for privatpersonar som t.d. leiger ut eigen bustad eller annan fast eigedom som vil ha frådrag for utgifter i tilknyting til den skattepliktige uteleiga.

Føremålet med regelen er å motvirka skatte- og avgiftsunndraging. Betaling via bank gjer det i større grad mogeleg å spora transaksjonen og gjer det vanskelegare for useriøse næringsdrivande å skjula omsetnaden sin. I tillegg bidreg regelen til å redusera konkurransevridning og omfordeling av kostnader i samfunnet som skatteunndraging medfører.

10.000 kroner

Den nye regelen gjeld betaling på 10.000 kroner eller meir. Er betaling for ein leveranse splitta opp i fleire delbetalingar, er det den samla betalinga som gjeld i høve til beløpsgrensa. Betaling for løpende eller periodiske ytingar skal sjåast på samla for alle kostnader som kjem til frådrag same året.

Dersom betalinga har skjedd kontant slik at frådragsretten fell bort, skal beløpet korkje inngå i det skattemessige avskrivingsgrunnlaget for eigendelen eller i den skattemessige inngangsverdien ved seinare realisasjon. Frådrag som er gitt ved likninga,

men som går tapt som fylge av betalingsmåten, skal takast til inntekt det året betalinga skjedde. Meirverdiavgift som er frådragsført i ei omsetningsoppgåve skal tilbakeførast i den terminen betalinga skjedde.

Gjeld og for utbetaling av løn, også til utanlandske arbeidskraft. Vilkåret om betaling via bank rettar seg mot alle typar kostnader og det er såleis ikkje gjort unntak for nokon art av kostnader. Dette medfører at også lønskostnader er omfatta, og utbetalingane må dermed vera gjennomført via bank for å gje rett til frådrag.

Skattedirektoratet opplyser her at det fylgjer av forskrift til skattelova av 19.11.1999 nr 1158 § 6-51-1 andre ledd, at betaling til bank i heimlandet til arbeidstakaren vert å sjå på som betaling via bank. Dersom lønsutbetaлинa blir gjennomført slik, vil dette gje rett til frådrag.

Delvis kontant betaling

Dersom det samla beløpet for ei vare, teneste m.v. er over kr 10.000, vil det berre vera frådragsrett for den delen som blir utbetalalt via bank. Den delen av totalbeløpet som er betalt kontant, vil ikkje gje rett til frådrag. Dette gjeld uavhengig av om dette beløpet er over eller under kr 10.000, så lenge det samla beløpet er over kr 10.000.

Du kan bli ansvarleg som kjøpar.

Kjøper du tenester frå ein næringsdrivande for over kr. 10.000 i kontantar, kan du frå 1. januar 2011 bli gjort medansvarleg viss den næringsdrivande unndreg skatt og avgifter. Det betyr at du risikerer å måtte betala skatt og avgift som den

næringsdrivande skulle ha betalt.

Regelverket seier at du er ansvarleg sjølv om du ikkje visste at den du kjøpte tenesta av hadde til hensikt å unndra skatt, trygdeavgift eller meirverdiavgift. Med andre ord kan du bli stilt til ansvar sjølv om du med dei beste hensikter har bede om kvittering for arbeidet.

Det utslagsgjenvende for om du blir medansvarleg er om du har betalt kontant for tenesta.

Betalar du via bank er du ”sikker”

Du har medansvar når

- du som privatperson kjøper tenesta av ein næringsdrivande
- den næringsdrivande unndreg skatt, trygdeavgift og meirverdiavgift
- du betalar meir enn 10 000 kroner i kontantar direkte til seljar

Du unngår medansvar når

- du betalar via bank (t.d. kort, nettbank, giro eller tilsvarende). Når du betalar via bank, er du og med på å innskrenka handlingsrommet for dei useriøse aktørane i marknaden.

Meir opplysningar finn du på www.skatteetaten.no

Skattekontoret
i Luster er
nedlagt

Fairtrade – rettferdig handel

Tek arbeidsvilkåra til underleverandørar på alvor

Luster kommune vart Fairtradekommune i 2009, og mange verksemder har etter kvart vorte med på laget. Ei av desse er Gosh pgp på Hafslo. Lustranytt har spurt dagleg leiar Ole Petter Heggestad kvifor dei valde å bli Fairtrade-verksemd.

- Vi i Gosh pgp vil gjerne engasjere oss i Fairtrade for å gjøre det vi kan for å bidra til at miljøet og arbeidsvilkåra til alle våre underleverandørar skal vere best mogeleg. Dette hjelper oss å setje fokus på det vi kan gjøre sjølv, og korleis vi kan påvirke andre aktørar rundt oss. Ved å engasjere oss i Fairtrade-prosjektet viser vi våre relasjonar at vi er ein seriøs aktør på fleire område enn berre det økonomiske. Å vere ei Fairtrade-verksemd håpar vi skal gje ein signaleffekt til våre kundar, og at dette vil gje oss eit konkurransefortrinn. Gosh pgp ser på det som svært positivt at t.d. Lerum kan levere Fairtrade-produkt. Det gjer det veldig enkelt for oss når vi skal



Fairtrade-produkt: Gosh pgp sitt Fairtrade-bevis, Gosh pgp sin eigen miljøvenlege kulepenn som er laga av olivenolje, Fjord1 si halssnor laga av bambus, Gosh pgp si førstehjelpsmappe, spesiallaga berre til Gosh ved fabrikk i Danmark. Dei miljøvenlege produkta er resirkulert og resirkulerbare.

velje våre produkt i butikken. Når ein lokal produsent kan skilte med eit så positivt varemerke, vel vi sjølv sagt å støtte dette.

Gosh pgp har som mål å bli eit Miljøfyrtårn i løpet av 2011. Dette vil setje endå høgare krav til oss sjølve når det kjem til alt som har med miljø og etikk å

gjøre. Og Fairtrade vil framleis vere ein del av dette, avsluttar Heggestad.

Dersom det er andre lustraverksemder som vil bli



Lene kosar seg med Fairtrade kaffi.

Fairtrade-verksemd, kan dei kontakte Anita Bjørk Ruud på servicetorget, 57 68 55 96. Meir informasjon på www.luster.kommune.no.

Logo
Gosh
PGP



Skattedirektøren har avgjort at skattekontoret i Luster vart nedlagt frå 1. juni 2011.
Lustringar sitt skattekontor er i Sogndal.

Besøksadresse: Fossetunet 1, 6856 Sogndal
Besøkstid: Måndag – fredag kl. 09.00 – 15.00
(til kl. 14.00 i tida 20.06 – 19.08)
Postadresse: Postboks 8103, 4004 Stavanger
Telefon: 800 80 000
Telefaks: 57 67 40 01
www.skatteetaten.no

ATS tilbyr tenester innafor plenslått og hagestell

Stell av grøntanlegg og hagestell er etter kvart blitt ein viktig del av ATS sin aktivitet sommarstid. Sommaren 2011 har ATS ansvaret for å halda anlegga til IL Bjørn (sentralidrettsanlegget, treningsbane mm.), Statkraft, Luster E-verk og mange private kundar. På biletet ser ein dei fleste i ATS sitt grønt-team framfor hovudinngangen til senteret.

Sitjande frå venstre nestleiar Kirsten Vikdal, Jon Solhaug, Geir Inge Fladhammer, John Havellen, Terje Kilen. Ståande frå venstre Espen Lomheim, Tor Stian England, Tommy Atterås, Lars Magnar Stegegjerde, Kristian Petersen, Jan Rune Bekken og Ola Bjørk.



Luster bad

Bileta viser staus for Luster bad 1. juni. På det eine biletet ser ein i framgrunnen idrettsbassenget (vatn i den djupe delen av bassenget).



Gaupne barnehage



Store og små i Grandmo og Gaupne barnehage gledar seg no til å flytte inn i ny flott Gaupne barnehage frå november 2011.

Gaupne barnehage har eit stort fellesrom som kjerne i bygget. Rundt dette fellesrommet er det lagt fem ulike grupperom som er

knytte opp mot fagområda i rammeplanen. Gaupne barnehagen er delt inn i fem avdelingar med eigne inngangar der to av dei er tilrettelagde for småbarnsavdeling. Det vert lagt opp til at Gaupne barnehage som lærande organisasjon skal drivast ut frå fellesskapstanken om inndeling i aldersfastlagde grupper og bemanningsnorm deretter.

Etter hovudinntaket vert det no

jobba med bemanningsplan og barnegrupper.

Alt frå 15. august er det mål om å få til tett samarbeid mellom dei to no eksisterande barnehagane som vi i denne perioden vel å kalle for "avdeling Gaupne" og "avdeling Grandmo". Det vil i perioden fram til innflytting bli lagt vekt på felles leiing, personalsamarbeid og planarbeid.

Kvarden vil ha fokus på felles inndeling i barnegrupper, leikegrupper og aldersgrupper for at personalet og barna skal bli betre kjende med kvarandre. Fokus vil vere at det enkelte barnet med foreldre får god kontakt med fleire i personalgruppa. Målet er å skape trygg og god overgang til nyt bygg og ny samansetjing av barnegrupper på dei ulike avdelingane.

Nye omsorgsbustader i Gaupne

Dei nye omsorgsbustadane er snart innflyttingsklare. Dei ligg som tilbygg til Gaupne omsorgssenter/eldresenter. Ein ser det som særskilt viktig å ha bustadene under same tak. Det er heimetenesta som yter tenestene til bebuarane. Dei kan nytte seg av alle felles tilbod som aktivitetsstove, forskjellige felles arrangement og ha felles måltid. Dei 8 nye er bygd samla og har ei fellesstove.

Det har i lengre tid vore mange som ynskjer omsorgsbustad i Gaupne. Det er likevel slik at det er den individuelle sitt behov for bistand som gjeld ved tildeling av plass.

Kommunen har 61 bustadar til utleige, fordelt på 16(Hafslo), 18 (Luster), 19 (Gaupne) og 7 (Grandmo). I tillegg har vi 8

omsorgsplassar i Gaupne, 9 i Luster og det er teke i bruk 6 på Hafslo. Når dei nye bustadene er klare, får vi 27 omsorgsbustader i Gaupne. Desse bustadene er ein viktig del av helse- og omsorgstrappa i Luster kommune. Omsorgstrappa fokuserer på meistring, førebygging, individuell tilpassing og fleksibilitet. På nivå omsorgsbustad og omsorgsplass har me hatt for liten kapasitet. Difor kjem desse bustadene godt med no. Omsorgsplassane og omsorgsbu-



stader er eit godt etablert og tilpassa tilbod. Tilbakemeldingar frå bebuarar er gode. Det gjev sosialt samvær og tryggleik når ein ikkje har moglegheit til å bu heime lenger. Det er ein viktig del av omsorgstrappa som gjev grunnlag for tildeling av tenester på rett nivå.



Det var stort frammøte og stort engasjement i Skjolden.

Folkemøte i Skjolden om Sognefjellstunnelen

Engasjementet var stort og 150 personar møtte fram på Fjordstova i Skjolden 12. mai om ettermiddagen då formannskapet i Luster innbaud til folke-møte om tunnel gjennom Sognefjellet.

Samlinga starta med betasuppe og etterfylgjande kaffi, og praten kom godt i gang før møtet. Sentrale fylkespolitikarar var oppfordra til å sitja i panelet, og alle dei sju største partia stilte. Kjell Einar Ormberg stod for den kulturelle delen. Senioringeniør Kjell Kvåle, Statens vegvesen, orienterte om dei ulike linjevala på strekninga Bergen – Trondheim, kva for

utgreiing som må gjerast for å få prosjektet inn i Nasjonal Transportplan, NTP, og kven som må vera bestillar av ei slik utgreiing.

Deretter held Kåre Lærum eit innlegg om dei økonomiske og miljømessige sidene av å få eit nytt vefsamband gjennom Sognefjellet.

Rådmann, Tore Eriksen, leia paneldebatten. Her fekk både partia og folk frå salen seia si meining om eit slikt samband. Fylkespolitikarane såg ikkje dette sambandet som ein konkurrent til kystvegsambandet E 39, men som eit nytt og spennande alternativ. Partia lova å ta dette med seg både i partipro-

gramma og i det politiske arbeidet.

Dei sentrale spørsmåla var sjølv sagt korleis ein no skal koma vidare i denne prosessen.

Det viktige framover, vert å knyta alliansar både med nabokommunar, austover fjellet mot Oppland, og i andre retninga mot Hordaland. Det er vesentleg å få inn ein omtale om vegstrekninga i Nasjonal Transportplan så snart som mogleg.

Debattlearen oppsummerte mot slutten av møtet slik:

1. Målet med møtet var å etablere ei felles forståing for at eit diagonalt tverrsamband med tunnel gjennom



Kjell Einar Ormberg underheldt på vegmøtet. I panelet sat frå venstre: Bjørn Lødemel H, Halvor Gregusson V, Heidi-Kathrin Osland Sv, Jenny Følling Sp, Nils Støyva Ap, Rita Navarsete Frp, og Tore Storehaug Krf.

Sognefjellet er ein god ide.
Målet nådde vi!

2. Dette må følgjast opp ved at det vert arbeidd for å få starta ein KVU (konseptvalutgreiing) -prosess, der målet er å få prosjektet i posisjon i NTP 2018-21/22-27 (tidlegast).
3. Vi må unngå strid i regionen om linjeval og rekkefølgjer. Ein KVU må leggje til rette for ein debatt om dette. Ein kan tenkje seg at når det kjem til løyvingsnivået startar ein med det alle er samde om (minste felles multiplum) som eit "steg 1" – tunnel gjennom Sognefjellet. Det inneber i så fall at alle sørfrå kan ete svele på ferja mellom Fodnes og Mannheller i perioden mellom steg 1 (tunnel frå Fortun) og steg 2 (tunnel frå Øvre Årdal).
4. Luster formannskap bør som møtearrangør drøfte korleis ein skal etablere ei breiare oppslutning om prosjektet. Viktig stikkord; dokumentasjon og alliansebygging.

5. Når den breiare oppsluttinga er på plass "på grasrota", kan ein starte/intensivere arbeidet mot regionale og sentrale styresmakter.
6. Både formannskapet og Sogn Regionråd vil arbeida vidare med saka slik at dette kan bli ein realitet.



Kåre Lerum heldt innlegg om økonomiske og miljømessige sider ved nytt vefsamband.

I sauefjøsen på Høyheim

Ein dag tidleg i mai var 3. klasse ved Dale skule med Jonas heim og fekk vere med han i sauefjøsen. Det var kjekt å sjå alle dei søte lamma, og jammen fekk me lov å gje nokon av dei flaske og. Etterpå var det tid til leik i tunet.





Deltakarane saman med Ingvar Rolstad frå RO og ass. rådmann John Olaf Røhme ståande bak.

Helse og omsorg

Samling med RO - ressurssenter for omstilling i kommunane

Saman med Ingvar Rolstad frå RO var leiarar frå Pleie og omsorg, Helse, ATS og tillitsvalde samla i mai for å drøfte utfordringar kommunen har framover med tanke på samhandlingsreforma, Rolstad la òg fram analyse over Luster sine KOSTRA tal (ein samanliknande analyse der ein ser om eigen kommune skil seg ut frå andre kommunar når det gjeld

ressursbruk innan ulike område) opp mot IPLOS (som viser bl.a. funksjonsnivå til brukarane). Kostratal viser at Luster ligg høgt når det gjeld utgifter pr. innbyggjar innan pleie og omsorg. Dette heng truleg saman med drift av tre sjukeheimar, relativt store løyingar til ressurskrevjande brukarar og busettingsmønsteret vårt. Det blir framover viktig å bruke

omsorgstrappa vår fleksibelt. Ved bruk av IPLOS-data kan kommunen få detaljerte og utfyllande analyse av forholdet mellom tenesteproduksjon og ressursinnsats innan pleie- og omsorgssektoren. Gruppa fekk med seg nyttige råd i det vidare arbeidet, og hadde ein god drøfting i høve status i Luster i dag.

Tilsette startar i studiegrupper i demensomsorg

Demens er ein sjukdom med aukande førekomst. Helse- og omsorgsdepartementet har difor utarbeida ein demensplan, der det er lagt vekt på kompetansehevande tiltak i kommunane. Det er laga eit studieopplegg frå Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse. Dette er eit studieopplegg der personellet i kommunen skal lære meir om demens.

Det er ein studiemodell der personale som ønskjer det deltek i ei studiegruppe over ca 2 år. Studiegruppene er sjølvdrivne og tverrfagleg samansett. Det er 6-8 deltakarar i kvar gruppe. Sjukeleiarar, hjelpeleiarar, assistenter, aktivitørar, heimehjelper og ergoterapeut skal vere med i studiegruppene. Me har no 30 tilsette som er klare og motiverte for å få auka kompetansen sin innan dette området.



Nokre av dei som er klare for studie i demensomsorg:
Mariell Kleive Hilleren, Kjersti Råum, Gunn Elisabet Berdal,
Bente Grytten, Åse Svingum, Marita Loven, Irene Aase
Kalhagen, Gunnar Sie og Randi Søvde.

Brukarundersøking pleie- og omsorg 2011

Som ein del av planlagt aktivitet i 2011 har det vore gjennomført brukarundersøking i pleie-og omsorg. Det gjeld heimetenesta og institusjonstenesta i Luster.

Brukarundersøkinga vert gjennomført anna kvart år gjennom bedrekommune.no. Bedrekommune.no er eit verktøy for måling av tenestekvalitet, brukar – og medarbeidar-tilfredsheit. Dette er ei landsomfattande undersøking og eit sentralt verktøy for kommunane. Me kan med dette samanlikne oss med andre kommunar og sjå på utviklinga over tid når me gjentek undersøkinga.

Kommentar frå årets brukarundersøking:

	Pleie og omsorg Heimetenesta	Snitt land	Høgst kommune	Lægst kommune
Resultat for brukaren	3,3	3,4	3,8	3,0
Brukarmedverknad	2,9	3,1	3,8	1,8
Tryggleik og respekfull behandling	3,5	3,5	3,8	3,0
Tilgjengelegheit	3,3	3,3	3,7	2,9
Informasjon	3,1	3,2	3,7	2,1
Generelt	3,5	3,5	3,7	3,2
Snitt totalt:	3,3	3,3	3,8	2,7

Heimetenesta: Svarprosenten er låg, 33%. Dette er noko ein må ta med seg når ein skal vurdere resultata. I 2009 var svarprosenten 44%. Det hadde vore ynskjeleg med fleire svar, for å få ein så god analyse som mogleg. Resultata er om lag som gjennomsnitt for landet. Me vil ha meir fokus på informasjon og medverknad frå brukarane. Dette er dei områda der me scorar dårligast.

	Pleie og omsorg Institusjon	Snitt land	Høgst kommune	Lægst kommune
Resultat for brukarane	3,7	3,3	3,9	2,7
Trivsel	3,8	3,4	3,9	3,0
Brukarmedverknad	3,8	3,1	4,0	1,9
Respekfull behandling	3,7	3,7	4,0	3,3
Tilgjengelegheit	3,9	3,4	4,0	2,9
Informasjon	3,7	3,3	3,9	2,5
Generelt	3,5	3,6	4,0	3,3
Snitt totalt:	3,7	3,4	3,9	2,7

Sjukeheimstenesta – bebuarar og pårørande: Her har me intervjua bebuarar. Pårørande har fått hove til å svare på spørjeskjema. Her er det som tidlegare særskilt gode resultat når ein samanliknar med landet. Bebuarane trivst svært godt. Heimetenesta og sjukeheimstenesta vil jobba aktivt med resultata frå undersøkinga for å sjå på område der me kan verte endå betre.



Vern for eldre – Nasjonal kontakttelefon


01.12.2008 vart det oppretta ein nasjonal kontakttelefon for eldre menneske som er utsett for overgrep. ”Overgrep brukes ofte som en samlebetegnelse for vold, trusler, trakasering og andre handlinger som kan virke krenkende” (Stort.meld. 25/2005-2006).

For meir informasjon kan ein gå inn på nettsida www.vernforeldre.no eller sende e-post til vern.for.eldre@nasjonal.kontakttelefon.no.

Alle eldre over 62 år som er utsett att for overgrep, eller kjenner nokon som er det, kan ringa Nasjonal kontakttelefon: 80030196 for å få råd, rettleiing og hjelp. Dette telefonnummeret er tilgjengeleg måndag – fredag kl. 09.00- 15.00.

Nasjonal kontakttelefon har fått oppgitt kontaktpersonar i Luster kommune, som dei kan kontakte dersom dei vurderer det som nødvendig.

Jostedal eldresenter
er lagt ut for sal på Finn.no.





Livsglededag for eldre

Livsglede for Eldre er ei stifting som vart skipa i 2006 og har sitt sete i Kristiansand. Stiftinga arbeider for å tilrettelegge helsefremjande og førebyggande aktivitetstilbod for eldre. Som eit prøveprosjekt i dette programmet arrangerte helse- og sosialklassane ved Luster vidaregåande skule livsglededag for eldre på Hafslø 9. mai 2011.

Elevane delte seg i to grupper. Ei gruppe var på skulen, der dei hadde besøk av nærmare 20 pensjonistar. Resten var på

omsorgssenteret og laga "fest" for ca. 20 brukarar. Elevane hadde ei travle førebuingstid med å planlegg pynting, matservering, songar og ulike aktivitetar.

Dei dekka nydelege bord etter årstida, dei serverte smørbrød, lapskaus, kaffi og kaker. Maten smakte og alle åt og koste seg.

Aktivitetane var tilpassa aldersgruppene. Pensjonistane hadde bingo og brukarane på omsorgssenteret hadde ulike trimaktivite-



tar. Litt strekk og bøyning av armar og hender, men mest populær var ballongtrimmen etter livleg musikk. Då vart det mykje smil og latter. Etter vel to timer var alle fornøgde. Pensjonistane ville gjerne komme attende til skulen ein annan gong, og på omsorgssenteret er elevane velkomne når som helst.

Målet er at Livsglede for Eldre skal bli ein del av skulen sine læreplanar.

Inn på tunet

Oppå fjellet!

Det kan diskuterast om Mollandsmarki ligg oppå fjellet, på ei hylle over fjorden eller berre er ei brattlendt bygd nokre hundre meter over fjorden. Men for nokon er det å koma til Mollandsmarki, som å koma oppå fjellet.

På eit lite gardsbruk som på folkemunne blir kalla Sie-Øygaradn, møtest nokre menneske dei fleste onsdagane i året. Der har Kristin og Gunnar Sie har sidan 2008 drive eit "Inn på tunet"- tilbod for personar med minnesvikt.

Det er ikkje uvanleg å få minnesvikt når ein blir eldre, og dei fleste av oss har opplevd at nokon av våre nære eller kjende har fått ein demenssjukdom. Å få ein sjukdom der ein gløymer, dei enklaste ting blir vanskelege og ein misser noko av det ein var, er likevel vanskeleg å takla, både for den som er ramma og dei pårørande. Ofte prøver ein å skjula problemet ved å halda seg

borte frå andre. Fleire studiar viser at det å ha meiningsfulle aktivitetar å gå til, gjev større livskvalitet og kan i mange tilfelle utsetja sjukdomsforlopet. I tillegg får dei pårørande litt avlasting.

På Sie-Øygaradn har brukarane noko fast å gå til. Opp til seks personar er med kvar gang. Over kaffikoppen og vaflane går praten lett og smil og latter sit laust. Etterpå kan dei vera med på å laga middag.

Det er sauер på garden, og brukarane kan følgje med på det som skjer i flokken i løpet av året. Høner er der også, og ikkje minst to kattar.

Det er flott natur på Mollandsmarki, og den må nytaast så ofte det er mogleg. Om vêret ikkje er det beste, kan ein gå inn i eit drivhus der det er ein fantastisk utsikt. Det er som å koma oppå fjellet, seier nokon med eit smil om munnen. Dei eldre gjev uttrykk for at her er



det godt å vera, og at onsdagen er høgdepunktet i veka. Nett no har dette tilbodet ledige plassar. Om du trur dette kan vera noko for deg eller nokon du bryr deg om, kan du kontakta leiar for Luster heimeteneste Tone Kjærvik Kveane, tlf 57 68 57 13 eller epost tone.kjervik.kveane@luster.kommune.no.





Det var mange som deltok på regionsamlinga i Luster.

Eldreråda i Sogn på besøk i Luster

Luster eldreråd var mandag 23. mai vertskap for regionmøte for eldreråda i Luster. Hovudmøtet gjekk føre seg på Eikum hotell på Hafslo der 36 deltakarar var samla. Samlinga vart starta med allsong av Lustrasongen.

Deretter ynskte leiar i Luster eldreråd Johan Solheim velkommen til eit triveleg og utbytterikt møte.

På programmet sto helsingstale frå ordførar Torodd Urnes som ønska deltakaren velkommen til Luster kommune og Eikum hotell. Ordføraren gav eit kort innblikk i kommunen sine tilbod

og viste ein flott presentasjon med bilete frå kommunen.

Etter dette sto dagens hovudtalar for tur, - pasient- og brukarombod Anne Margrete Øvsthus. Teamet hennar var "Korleis ein kan bruke ombodet". Øvsthus informerte om ordninga med pasient- og brukarombod, som er heimla i Lov om pasientrettar kap. 8, og kva Pasient- og brukarombodet er. Kvart av dei 19 fylka i Noreg har eit Pasient- og brukarombod. Tilboden er gratis. Ombodet har teieplikt og er uavhengig i høve til helsevesenet.

Etter dette var det klart for det første innlegget for dagen ved gardbrukar Olav Stølen –professor i planteforedling og plante-kultur. Temaet hans var "Maten vår, - kvar kjem den frå". Foredraget gjekk ut på å kaste ljós over matvareproduksjon i dag og i framtida. Då han var ferdig var det klart



Pasient- og brukarombod Anne Margrete Øvsthus informerte om ordninga med pasient- og brukarombodet.

for det andre innlegget for dagen ved Gry Tokvam, som har vore tilsett ved Luster vidaregåande skule i ei årrekke. Ho har mastergradutdanning innan kosthald og ernæring. Temaet hennar var "Lokale råvarer". Ho starta föredraget med å fortelja litt om skulen si historie - som starta i Holmedal i Sunnfjord i 1877, som den første offentlege jenteskulen i landet. Skulen heldt til i Holmedal fram til 1889, då den vart flytta til Svanøy. I 1897 var skulen atten på flyttefot, og kom då til Munthehuset i Kroken i



Her er det leiar i Luster eldreråd Johan Solheim som ønskjer deltakarane velkomne til regionsamlinga.



Professor og gardbrukar Olav Stølen heldt foredrag om "Maten vår, - kvar kjem den frå". Lærar Gry Tokvam, som har mastergradutdanning innan kosthald og ernæring, orienterte deltakarane om Luster vidaregåande skule si historie og snakka om skulen sitt engasjement for å gje elevane kunnskap om – og lære dei å bruke lokale råvarer og lokale matprodusentar.

Johan Heltne, Malvin Moen og Sverre Høgemo, tre av dei fem lokale "Dragspelpensionistane", som med sine trekspel gjorde stor lykke med eit rikhaldig og variert repertoar igjennom heile samlinga.



Det var fint å komme til omvising på Fluga og bli møtt av felemusikk av dei tre jentene frå venstre Else Marie Haugen, Sølvi Kvam og Renate Halveg frå Jostedal.



Luster, der den vart verande heilt til 1957. I 1958 flytte skulen for første gong inn i lokale som var bygd for føremålet. Den nye skulen var bygd for 32 elevar, og låg i Hafslø. Alle elevane måtte bu i skulen sitt internat. Takka vera at skulen vart bygd romsleg, og at internatdelen kunne byggast om til undervisningslokale, har skulen i dag 129 elevar i det same bygget. Den største gruppa av elevar ved skulen skal ut i omsorgsyrket. Elles er det utdanningsprogram for design og handverk og restaurant og matfag med kokk og servitørfag. Kosthald er viktig i heile livet, og ein treng gode kokkar for å få god mat. I foredraget sitt fortalte ho at skulen er oppteken av å gje elevane kunnskap om – og lære seg å bruke lokale råvarer og lokale matprodusentar, - kortreist mat!

Nest siste post på programmet

var drøfting av innkomne saker. Det var tre innkomne saker og her har regionrådskonferansen skrive og sendt ut tre uttalar.

1. Uttrykket "Eldrebølgja".
2. Refusjonsordning for endring i prioritert gruppe E for tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane.
3. Banktenester – universell utforming i høve til minibankar.

Dei lokale "Dragspelpensionistane" med sine trekspel gjorde stor lykke med eit rikhaldig og variert repertoar og speling til allsongen under samlinga. Møtedelen på Eikum, der det også var innlagt kaffipause og middag, vart avslutta med takk for samlinga, og Sogndal elderråd ønskte velkommen til Sogndal neste år. Som avslutning på dagen var det ordna med orientering og omvis-

ning på husmannsplassen Fluga. Det var fint å komme til stovehuset på Fluga og bli møtt av felemusikk av dei tre jentene Sølvi Kvam, Renate Halveg og Else Marie Haugen frå Jostedal. Deretter ønskte leiaren i Hafslø sogelag Johannes Lomheim deltagarane velkommen til Fluga og orienterte om sogelaget sitt engasjement i husmannsplassen. Sogelaget fekk i 2001 leigekontrakt på 15 år med eigaren, og i 2004 fekk dei kjøpa eigedommen. Etter mange dugnadstimer er husa på plassen no i god stand og kjem til å stå i mange år. Det er mange som har vore innom Fluga med gamle ting. På sommaren held sogelaget Fluga ope for publikum, og det vert gjennomført ulike arrangement. Etter orienteringa vart det spandert eplejuice og "gammaldagse" kaker inne i stovehuset, før deltagarane vart vist rundt i dei ulike husa på plassen.

Lokalmatdagen 2011 - smakte godt!

Ti reiselivsbedrifter i kommunen deltok på årets "Lokalmatdag" ved Luster vidaregåande skule. Kaker og dessert – med frukt og bær, honning og ost.

Korleis by fram det mangfaldet me har av råvarer i ulike kombinasjonar? Dette fekk me eit godt svar på etter at ivrige deltakarar hadde lagt bak seg fleire timar på kjøkkenet. Her vart ingenting uprøvd, og av litt utradisjonelle smakar kan nemnast brunostmousse, granskot-is og bærsaus med honning og mynte. Det vart og laga mykje av meir tradisjonell karakter med nye "vriar". Ingen tvil om at "søtmagen" fekk overdose denne dagen.

Sesongen for friske bær er like om hjørnet. Med ein slik dag håpar skulen å kunne inspirere til mange gode smakar for nye gjester. Det er god økonomi og meirsal i å ha noko spesielt å tilby sine gjester.

Marte Kjernsholen, mat og naturinkubator fra Kunnskapsparken Sogn og Fjordane, deltok og fortalte om kva dei kan hjelpe til med om du har ein gründeridé innan mat og/eller oppleving.



Ut på tur med "Lustra-matpakken"

I vinter har elevane på ved Luster vidaregåande skule, Påbygging, reiseliv ved skulen hatt eit større prosjekt mot reiselivsnæringa i Indre Sogn. Dei har gjennomført ei større spørjegransking innan bransjen. Eit av resultatene frå granskingsa var at reiselivsnæringa kunne tenke seg ein matpakke som dei kan sende med turistane

før dei legg ut på tur i den vakre Lustranaturen. Elevane tok tak i ideen og kan no presentere "Lustra-matpakken". Elevane og lærar Signhill Skartun presenterte "Lustra-matpakken" til innbyggjarar frå Ornes, Kroken og Sørheim på Muntehuset i vår. Tilbakemeldingane var svært gode.

"Lustra-matpakken" er sett saman av lokale produkt, og matpakke-øskja er designa av ungdomsbedrifta Scatola Design på Vg1 Design og Handverk. Vi håper at fleire overnattings- og opplevingsbedrifter kan nytta seg av "Lustra-matpakken" til sine gjester som skal ut på tur i Luster!



Erling Bjørnetun saman med prisvinnarane Kjell Einar Ormberg og Bjørn Bergum. Elles ser me ein av dei dyktige arrangørane, Turid Øiene.

Kultur-dagane 2011

Skjolden bygdelag gjennomførte ein ny årgang Kulturdagar siste helga i mai med stor entusiasme og godt frammøte. Kultur – trivsel og miljø, som er mottoet for dette arrangementet, lever opp til forventningane takka vere solid dugnad og kreative medlemmar i programnemnda.

Åpningsarrangementet vart også i år krydra med utdeling av Kulturdagsprisen. I juryen si grunngjeving for tildelinga vart det sagt at: "juryen har i år hatt ei lett oppgåve i å finne ein verdig vinnar av Kulturdagarprisen. Vinnaren har stor interesse av Skjolden og omegn og har lagt ned eit betydeleg arbeid med kulturformidling av området. Prisen er i år todelt, og den eine delen omhandlar eit stort talent og engasjement for bildelege uttrykk. Den andre delen går meir på eit årelangt engasjement for å foreviga informasjon og kulturelle tradisjoner. Dette engasjementet har resultert i

noko heilt konkret, noko både Skjolden og landet forøvrig er tente med. Styret i Kulturdagane Skjolden er stolte over at bygda har fått til dette som ein har snakka om i mange år. Det er ein realitet at Kulturdagane ikkje kunne gjennomført eit så omfattande prosjekt utan at vinnaren av Kulturdagarprisen hadde bidrege i så stort omfang. Vinnaren har arbeidd for Skjolden og ytt sitt ytterste for at dokumentaren Mørkridsdalen – frå naturhushald til nasjonalpark no er ein realitet. Prisvinnarane vart fotograf Bjørn Bergum som har laga eit profesjonelt produkt, der innsats og honorar ikkje samsvarar. Kjell Einar Ormberg er ein velkjend kulturell ressurs som har eit genuint engasjement for å dokumentere gamle tradisjonar i ord og tonar. Kjell Einar i ei årrekke har arbeidd aktivt for Kulturdagane og vore ein viktig del av arrangementet.



Bilane som vart premierte på veteranbiltreffet under kulturdagane:

1. Lincoln Continental Mark 1, 1977 modell, eigar: Terje Skjerven
2. Pontiac Firebird Formula 400, 1970 modell, eigar: Magne Tveit
3. Ford Mustang, 1965 modell, eigar: Reidar Kvigne.



Solvorn-bui

ser fram til ein spennande sommar

- Den 9. juni er det eitt år sidan me gjenopna Solvornbui. Me har kome oss igjennom vinteren mange erfaringar rikare, og ser fram mot den travle sommarsesongen. I år har me knytt til oss fleire sommarhjelper både på bui og i kafeen. På fine solskinsdagar er det behov for mange hender, då kan det yra av turistar frå mange land, i tillegg til dei mange badegjestene, sommarhus- og lokale kundar, fortel dei driftige damene Sølvi Grande Loen og Tordis Skjerdal Rauboti når Lustranytt spør korleis det går med dei og Solvornbui.

- Å ha nok is i isdisken, nok varer i påleggdisken og rikeleg med mjølk på kjølen er ofte ei utfordring for oss om sommaren. Men det hjelper å vita om været, om grupper med busslastar, eller om idrettsarrangement, i god tid på førehand.

På Linahagen vil sommarmenyen vera klar frå 20. juni, med nye, spennande salatar og andre vel-smakande lunsjrettar. Bortimot all mat blir laga frå grunnen, sjømaten er henta frå Sognefjorden, kjøtdeigen frå lokal kjøtfprodusent. I Solvorn har me god tilgang på friske jordbær i juni og saftige bringebær litt seinare, dette nyttar me



Eitt år sidan Tordis Skjerdal Rauboti (t.v.) og Sølvi Grande Loen gjenopna Solvorn-bui.

oss av både på bui og i kafeen. Også i år har me med oss den flinke kokken vår, Turid, som har studentferie og vil bruka den på kjøkkenet på Linahagen.

Pub med pubquiz

Som tidlegare somrar vil me arrangere pub i løpet av sommaren, og sjølvsagt blir det pubquiz! I påska hadde me besøk av ein quizmaster som både fortal-

de gamal kulturhistorie om fylkesbåtane og las dikt av Jacob Sande!

Me gjentek gjerne den suksessen, ta kontakt viss du vil vera quizmaster ein fredagskveld!

Av og til har me hatt små minikonsertar på kafeen, kan hende dukkar det opp glade trubadurar i år og!

Opningstidene for sommaren er for bui 9.30 – 18, måndag til fredag, laurdag 9.30 - 16, og frå 20.juni er det søndagsope mellom 12-16. Linahagen kafè har i sommarsesongen ope mellom 12-19, laurdag og søndag 12-18.



Frå minikonserten til Lena Skjerdal og Kari Malmanger 31. juli i fjor.



Turid Rauboti fristar oss med smakfull kake.

Så då er det berre å følgja med på plakatar og på heimesida vår; www.linahagenkafe.com, og om du vil, kan du bli medlem av Facebookgruppa vår; Solvornbui og Linahagen kafè, og følgja med på kva som skjer i løpet av sommaren, seier dei driftige og optimistiske damene til Lustranytt.

Historie

Solvornbui vart bygd i 1999, og opna sommaren 2000! På utsida stod eit flott akvarium med glas inn til Linahagen kafè. I akvariet symde god matfisk, klare til middagsmat. Det viste seg at det var særarbeidskrevjande å skaffa fisk, fanga den opp og slakta den. Etter kvart vart det og problem med vass-tilførselen til og frå fjorden, og i dag ser me berre spor av glasopninga på innsida av kafeen.

Solvornbui starta som eit aksjeselskap, mange i Solvorn kjøpte aksjar og vart såleis medeigarar i butikken. Om sommaren var det alltid livleg handel på bui, men vintrane gjorde til at det vart konkurs etter få år. Sidan har butikken vore eigm av fleire, men noko økonomisk gullgruve har det aldri vore.

Aktivitetskalendaren

Dette ligg inne på Aktivitetskalendaren på www.luster.kommune.no like før Lustranytt går i trykken. Gå inn og les meir om arrangementa. Har du arrangement du ynskjer å gjere kjent, legg du sjølv inn på denne kalendaren.

Aktivitetskalender						
« Juni 2011 »						
Må	Ty	On	To	Fr	La	Su
22		1	2	3	4	5
23	6	7	8	9	10	11
24	13	14	15	16	17	18
25	20	21	22	23	24	25
26	27	28	29	30		

[10.6: A-laget til Bjørn møter Be](#)
[10.6: Margrethe Munthe-progra](#)
[10.6: Sie Gubba](#)
[11.6: Lustramarknaden 2011](#)
[11.6: Rebus og grilling i Turtac](#)
[Sogndal kulturhus](#)
[Sjå alle aktivitetar](#)
[Registrer ditt arrangement](#)

2. juli: Den årlege kryssinga av Jostedalsbreen. Styggevatnet-Austdalsbreen- Kamperhamrane-Sunndalen-Folven i Oppstryn. Arr: Luster Turlag.
2. juli: Slåttedag på husmannsplassen Fluga, Hafslo. Arr: Hafslo sogelag.
3. juli: Friluftsgudstjeneste på Tungestølen, Veitastrond. Arr: S. og Fj. Indremisjon.
9. juli – 1. august: Sommarutstilling på Galleri Walaker 300. Arr: Walaker Hotell.
9. juli: Midtsommarfest i Parken, Gaupne. Arr: Parken AL
10. juli: Søndagsope Fluga, Hafslo. Arr: Hafslo sogelag.
10. juli: Konsert i "Kulturfjøsen", Fuglesteg. Arr: Luster Turlag.
13. juli: Historisk vandring - til Øyane/Svensøystølen. Arr: Luster sogelag.
17. juli: Juniordilten og Vigidalsdilten. Arr: Luster Turlag.
27. juli: Historisk vandring med Luster sogelag.
30. og 31. juli: Olsokmarknad. Arr: Fortun Bygdelag.
30. juli: Fuglesteg Opp. Arr: IL Fanaråk.
31. juli: Topptrimtur Liabrekulen. Arr: Luster Turlag.
6. august: Buff Fanaråken opp. Arr: IL Fanaråk.
6. august: STAUT i Parken, Gaupne. Arr: Parken AL
7. august: Frå Fuglesteg til Avdalen i Årdal. Arr: Luster Turlag.
7. august: Stølstur på Hafslo. Luster Turlag.
10. august: Historisk vandring med Luster sogelag
13. august: Juving i Leirdøla. Arr: Luster Turlag.
13. august: Sogn Gamaldansfestival i Parken. Arr: Parken AL.
14. august: Sognefjellsmarsjen. Arr: IL Fanaråk.
14. august: Tur til Skyttarpiggen på Veitastrond. Arr: Luster Turlag.
27. august: Sognefjellet-Skogadalsbøen-Hjelle i Øvre Årdal. Arr: Luster Turlag.
28. august: Kosedyra sin soppdag. Mosevika, Solvorn. Arr: Luster Turlag.
31. august: Historisk vandring med Luster sogelag.
3. september: KOM DEG UT-dagar på Veitastrond. Arr: Luster Turlag.
9. september: Fjellfilmfestival i Turtagrø. Arr: Stiftelsen Fjellkultur.
9. september: Helgetur i Stølsheimen. Arr: Luster Turlag.



Morten Schakenda syner korleis han gjer det og fortel om sin filosofi: – Det handlar også om å vere raus, å unne naboen litt. Send kundane vidare, så sender naboen gjester til deg neste gong.

Smak av Nasjonale turistvegar

Det tre-årige prosjektet ”Mat langs Nasjonale turistvegar” hadde i byrjinga av mai samling på Tørvis hotell i Marifjøra (18 deltakarar) for Nasjonal turistveg Sognefjellet og Juvet Cafe i Valldal (18 deltakarar) for Nasjonal turistveg Geiranger - Trollstigen. Samlingane hadde invitert breitt til vertskapsaktørar i reiseliv og produsentar av mat for å bli meir kjent og utveksle erfaring rundt bruk av lokale råvarer, menyar og oppskrifter, samt ha dialog om felles utfordringar og sette kurser vidare for prosjektet.

Det genuine

Prosjektleiar Egil Ørjan Thorsen hadde ein gjennomgang av planar for 2011 til sesong 2012. Morten Schakenda frå Bakeriet i Lom inspirerte og laga mat av lokale råvarer og delte sin mangfaldige kjøkkenerfaring frå innland og utland.

Poenget med prosjektet er å framheve det spesielle for vegen for kvar strekning. Betre kvalitet på maten skal gjere opplevelinga langs turistvegen endå betre, samstundes som dei som jobbar med dette skal auke omsetninga

og synleggjerast betre ut mot marknaden.

Dette handlar ikkje om berre om gourmetmat og fire rettars middag, men om å servere noko som er genuint for staden og historia rundt. Det å synleggjere mangfald av gode serveringstilbod kor bruk av norsk og stuttreist råvare er sentralt, samstundes handlar det om den totale opplevelinga av natur, mat og vertskap.

Raust og enkelt

Morten Schakenda står over grytene og deler villig vekk sine erfaringar.

Brødbakaren frå Lom har mange bollar i lufta og sel bakverk som varmt kveitebrød. Men i dag er han altså henta inn for å inspirere matfolk frå området.

- Det enklaste er ofte det beste, ikkje dill

for mykje. Tenk enkelt og bruk lokale råvarer av høg kvalitet, oppfordrar han - akkompagnert av flott sjøkreps frå Sognefjord Naturkjøkken ved Vidar Aasen og nydeleg entrecote av hjort frå Urnes Gard & Hjortefarm.

Sjølv har han ein eigen filosofi om bakeriet sitt.

- Det handlar også om å være raus, å unne naboen litt. Send kundane vidare, så sender naboen gjestar til deg neste gong. Det tener alle på, seier han.



Deltakarane deltok sjølve på kjøkenet. Frå venstre Vidar Åsen, Mara Nyhus, Anne Lise Haukadal og Erna Hamrum



Ordførar Torodd Urnes føretok den formelle opninga av Frivilligsentralen sin nye møteplass i Øyagata.

Frivilligsentralen med nytt lokale i Øyagata i Gaupne

Luster Frivilligsentral har sakna ein lett tilgjengeleg "møteplass" i Gaupne. Etter ein del oppussingsarbeid dei siste vekene kunne vi invitere til ei opningsmarkering den 13. mai. Ordførar Torodd Urnes klypte over snora i inngangsdøra, og so kunne litt over 20 frammøtte finne seg plass inne, der vi serverte snittar, vaflar frå Hjertebanken, kake pynta med seigmenn (som symboliserte gode og uthaldande frivillige) og sjølvsagt te og kaffi. Praten gjekk og alle let vel! Ordføraren kom med ei varm helsing frå Luster kommune, sokneprest Geir Paulsen helsa på vegner av kyrkja og Erik Skjerdal kom med ei helsing frå Norsk Luthersk Misionssamband, som driv frivilligsentralen i lag med IOGT i Norge. Frå IOGT Region Vest-Norge helsa den nye regionkonsultenten, Trond Gjøvåg. Odd Kjell Ingvaldsen, som er avdelingsdirektør i IOGT, mellom anna med ansvar for fleire frivilligsentralar rundt

om i landet, har vore med i styret i Luster Frivilligsentral frå byrjinga. Han orienterte om bakgrunnen for at IOGT har kjøpt denne eideomen der frivilligsentralen no er leigetakar. Vona er at ein slik lett tilgjengeleg møteplass midt i sentrum i Gaupne kan gje rom for nye initiativ og aktivitetar. Ein håper òg at andre lag og organisasjoner kan nytte plassen til mindre møte og samlingar. Det kom mellom anna fram at ungdomar i Luster arbeider med å starte ei JUVENTE-gruppe i kommunen. Sentralen jobbar med fleire idear til aktivitetar og bruk av lokalet, mellom anna for flyktningane i kommunen.

Johannes Sameien orienterte litt om dette og takka alle som har teke del både i styrearbeid og i ymse samarbeidsprosjekt. Ingebjørg Gunneng og Sunneva Feet, som heilt frå oppstarten i 2004 har sytt for kaffikoking og kjempegode vaflar i Hjertebanken, fekk blomar og

takk for sin store og viktige innsats.

No er det berre å ta huset i bruk! Frivilligsentralen er open for innspel og idear til bruk av huset. Målet er å samarbeide med gode krefter om tiltak og tilbod som er til gagn og glede for alle som bur i kommunen vår. Initiativ, idear og ynskje er hjartelege velkomne!

Vanleg kontortid er tysdag 10 - 14, onsdagar 14 - 17 og torsdagar 14 - 17.



Sunneva Feet og Ingebjørg Gunneng mottok blomehelsing frå dagleg leiar ved Luster Frivilligsentral, ved Johannes Sameien.

Inspirasjonskurs i friluftsliv

Som eit ledd i satsinga vår på barn og unge, tok vi 27.-28. april med oss 15 spreke lærarar og barnehagertilsette på inspirasjonskurs i friluftsliv, fortel Tore Sønnesyn i Luster Turlag. Saman med villmarkingen Trond Strømdahl tok me med oss gjengen til skogs for å bli inspirert til å bruke meir av undervisningstida ute. Lærarar frå Hafslo barne- og ungdomsskule, Gaupne skule, Solvorn skule og barnehagertilsette frå Grandmo barnehage, Gaupne barnehage og Skjolden barnehage deltok. Dagen starta inne på Luster Fjordhytter i Høyheimsvik, der me hadde fordrag frå nokre av Strømdahl sine turar. Trond er utdanna adjunkt og spesialpedagog. Etter å ha fullført lærarutdanninga saman med Lars Monsen, gjekk dei to Noreg på langs (1989/90). Trond har jobba i skulen i 15 år, men har heile tida hatt eit brennande engasjement for villmarkslivet. Eventyrlysten har med jamne mellomrom drege han ut på nye turar, i Alaska, Canada og Skandinavia, og han er stadig på

farten med ulike villmarksforedrag og kurs.

Etterkvart viste Strømdahl bilet og fortalte om eigne erfaringar som utelærar. I tillegg fekk me høre

om praktiske tips til korleis me bør pakke sekken, kva me bør ha med av utstyr, korleis me kan organisere ein dag ute og me fekk sjå nokre av Strømdahl sine praktiske "duppeditars".

Etter nokre timer inne, var tida moden for å ta med seg gjengen ut. Me vart delt inn i fire grupper, og kvar gruppe fekk utdelt utstyr. Turen gjekk så til Solvorn og Mosaviki. Her slo me leir, og gruppene fekk sine første oppgåver. Etter å ha fått innføring i korleis dei skulle lage bål, fekk alle gruppene prøve i praksis. Det første laget som

fekk vatnet i kafifikjelen til å koke, vann første konkurranse. Etter konkurranseen laga vi mat på bål.

Pasta/kyllinggryte ala Christin. Etterpå var det bålkos, og gode historier kombinert med flott buskspel.

Alle saman tok utfordringa og overnatta under open himmel. Dei fleste sov godt, og me



Barnehageborn og skuleelevar får truleg oppleve eit meir spennande friluftsliv etter at tilsette i barnehagar og skular har vore på inspirasjonskurs. Foto: Tore Sønnesyn.

vakna torsdagen til nydeleg sol i sju-tida. Etter ein god frukost var det opplæring i kart og kompass, og nokre uhøgtidlege konkurransar. Me steikte pannekaker på primus og gjennomført ein spanande natursti, før me tok fatt på vegen heim igjen. Tema Arve vart samanlagt vinarar og fekk gratis overnatting på Fivla som premie.

Foto: Kristine Y Siviggan



Foto: Tore Sønnesyn





Luster Turlag med mange turkameratar. Foto: Melchior Kalhagen.

OPPTUR med 8. klassane

Det har etter kvart vorte tradisjon for Luster Turlag å ta med oss 8. klassane i Luster på ein tur i mai fortel Tore Sønnesyn i Luster Turlag.
For fjerde år på rad gjekk me turen frå Luster ungdomsskule og opp Sandvikberget. Alle

gjekk samla, og det var god stemning tross bratte bakkar. Turen gjekk vidare til Råum der det vart delt ut frukt til alle. Deretter gjekk alle ned bakkane forbi Langavik, og tilbake til ungdomsskulen.
Luster Turlag sine folk,

Melchior, Christin og Svein, takkar alle 8. klassingane for ein flott dag. Turlaget sin konklusjon: "Flotte ungdommar, flott natur og flott ver!!!"





Tungestølsstemnet har utvikla seg til å bli ei stemne for heile familien. Her er det barnesongar som blir sunge.



Det er prestevikar og rådgjevar Trond Fr. Johansen som skal leia gudstenesta. Biletet er frå stemna i 2009 då det også var dåp ved friluftsgudstenesta.

Tungestølstemna

Tungestølstemna vert som vanleg arrangert første søndag i juli, den 3. juli - kl. 12.00. Då vert det feira friluftsgudsteneste i ei av dei flottaste katedralar Vår Herre har bygd! I sletteamfiet nedanfor turisthytta vert det som vanleg bygt alter og reist kors, fortel Trond Fr. Johansen til Lustranytt. I 2009 var det omlag 230 som sette kvar andre stemne. I fjor var det 170 frammette, sjølv om veret var noko usikkert. Folk kjem frå store deler av indre Sogn. Det er prestevikar og råd-

gjevar i Sogn og Fjordane indremisjon, Trond Fr. Johansen, som også i år skal leia gudstenesta.

Tidligare rektor ved Bildøy bibelskole, Jonn Hardang, skal tale og koret Samklang skal synge. Det vil bli teke opp kollekt til Sogn og Fjordane indremisjon, som er stemnearrangør.

For tre år sidan starta også ein ny tradisjon: Etter gudstenesta vartar lokale krefter opp med sal av rømme-graut og spekemat, sviske-suppe og saft. Nytt av året vil vere at det også vil bli

høve til å få kjøpt seg ein kaffikopp etter grautmid-dagen!

Grindagutar og jenter vil ordne det slik at det heller ikkje i år blir bilkø ved vegbommen ved Stølen. Oppfordringa blir derfor: Ta med stol og fyll bilane. Velkommen til ein flott annleis dag på Tungestølen.

Om det skulle regne (men det håper vi ikkje det skal gjere dette året heller) blir arrangementet i så fall lagt til Veitastrand bedehuskapell.

Parken i Gaupne 2011

Laurdag 09.07.: Midtsommarsfest med: Tom Stockman, Baskery, og UTTAD frå Jostedal.
 Laurdag 06.08.: Staut spelar i Parken.
 Laurdag 13.08.: Sogn Gamaldansfestival.
 Laurdag 01.10.: Tradisjonell Haustmarknad.



Staut spelar i Parken 6. august.

Baskery spelar også i Parken 9. juli.



Tom Stockmann spelar i Parken 9. juli.

Det skjer på husmannsplassen Fluga

Den 2. juli vert det slåttedag på gamlemåten. Det vert ljåslått og hesjing på troehes. På slipesteinen kan slåttekarane få slipe ljåen sin. Kanskje nokon syner korleis ljåen skal setjast på orvet også!

Slåttekarar frå Stuaflåtringen er med.

Dragspelpensionistane stiller opp med musikk. Sal av rømmegraut og kaffi, og ein liten utlodning. Fint for borna å leike seg. Ein dag for heile familién.

Søndagane frå og med 10. juli til og med 14. august er det ope frå kl. 14.00 til 17.00.

Då vert det høve å sjå seg omkring. Kaffiservering. Den 11. september vert det felles markering av kulturminnedenagen og husflidsdagen i samarbeid med Luster husflidslag og Folkeakademiet.

Oppmøte på Heggmyrane, rasteplassen kl. 10.00. Så går me etter vegen inn til utgravingane på Modvo (ca.1,2 km), ein 1500 år gammal audegard på Hafslo. Der vil leiaren i Hafslo sogelag, Johannes Lomheim, orientere. Utgravinga fann stad 1960-62. Så går me attende, og vidare til hus-



mannsplassen Fluga. Der vil husflidslaget syne gamle handarbeidsteknikkar. Dei har også aktivitetar for born. Folkeakademiet har fått Torgrim Redalen til å kåsere om lustringar i mellomalderen, og spesielle slekter herfrå som har hatt betydning for utviklinga. Kåseriet vert på Fluga. Det vert høve til å kjøpe mat og kaffi på Fluga. På alle arrangementa til Hafslo sogelag er det fritt tilgjenge, og alle er hjartelig velkomne.

Blåe tonar under breen

For 9. gong er det klart for "blåe tonar under breen", 16. og 17. september.

Etter tallause oppmodingar er Reidar Larsen & the Storytellers klare fredag kveld. Sidan sist dei var her har det vorte

Spelemannspris og mykje heider, og blir nok ein sveitt kveld på Breheimssenteret.

Nytt kjennskap for oss, men slett ingen nybyrjar er Linda Kvam m/band.

"Stilrikig fra Vestfold-vokalist, som i likhet med Ida Jenshus ikke bare har stor innlevelse, men skriver egne, varsomme låter." (Fredrik Wandrup, Dagbladet)

"Med musikere fra den norske elitedivisjonen med bl.a "Meget i sløyd"-folkene fra Øystein Sundes band, samt multi-instrumentalist og produsent Knut Hem i spissen, har "Anything

For Love" blitt et bluegrass-inspirert country-rock album du vil få fot av!"

Også nytt kjennskap, og relativt fersk som artist er Ida Jenshus. www.idajenshus.no/

"Som sist lusker det trøndermafia og tidligere Tusslere (Motorpsychos country-alter ego) i kulissene. Kjell Karlsens steelgitar løfter flere av låtene, og Ida synger med en sårhet som slår sprekker på de riktige stedene. Et sted mellom Emmylou, uten registeret, og en langt mer tekkelig Lucinda Williams"

(Morten Ståle Nilsen i VG om Ida sin nye CD)

Heile programmet er ikkje spikra endå, men som tidlegare år har Tonereise ei sentral rolle, og fleire artistar vil komme til.



Luster sogelag

"På historiske vegar"

Luster Sogelag starta i mai opp med historiske vandringar. To vellukka turar er gjennomført til no. Program for sumar og haust er slik:

Onsdag 13. juli kl. 18.00: Tur til Øyane/Svensøystølen v/Ingeborg Steig. Me ser mellom anna på gamle murar og gamalt kraftverk. Oppmøte i Svensøy ved Bjørkabru.

Onsdag 27. juli kl. 18.00: Tur på Nes v/Karin Leirdal. Me ser på gamle gravhagar og vitjar til slutt steinstova. Oppmøte ved campingplassen.

Hestaskår – restaurering av stovehuset startar opp

Luster Sogelag er no kome eit langt steg vidare i arbeidet med restaureringa av husmannsplassen Hestaskår, og i sommar vert arbeidet med å restaurera stovehuset starta opp. Det er utarbeidd framdriftsplan for restaureringa og målsetjinga er at anlegget med 6 hus skal vera ferdig i 2017.

Til no er det lagt ned eit omfattande dugnadsarbeid med om lag 700 timer for 2009-2010. Vidar Åsen er engasjert til å leia restaureringsarbeidet.

Onsdag 10 august kl. 18.00: Tur på Stuagjerde og evt. Brennesteinane v/Atle Kvalsvik. Oppmøte på Harastølen.

Onsdag 31. august kl. 18.00: Tur på Sørheim v/Trygve Lerum. Me vitjar to museum, Sande og Lerum. Deretter oppmøte i grendahuset, der det også blir årsmøte i Luster sogelag. Oppmøte ved Sande.

Onsdag 14. september kl. 18.00: Vandring på Skjolden v/Per Hauge. Me vitjar bl.a. "Saften" og "Ishuset". Oppmøte ved Fjordstova.



Over: Restaureringa av bygningane er godt i gang. Under: Dei gamle bygningane til husmannsplassen Hestaskår ser du midt på biletet som er teke i 1954.



Nasjonalt dokumentasjonssenter for husmannsvesenet

Luster Sogelag har sett i gang eit arbeid med å greia ut det faglege grunnlaget for eit nasjonalt dokumentasjonssenter for husmannsvesenet i Luster. I den offisielle historieskrivinga er husmannsvesenet lite påakta. Trass i at husmennene lenge utgjorde den største folkegruppa i landet, er kunnskapen om ho fragmentert og usystematisert, og med det vanskeleg til-

gjengeleg for den som ønskjer å forstå heilskapen i korleis det moderne samfunnet vårt vaks fram. Luster Sogelag ynskjer difor å setta søkelys på dette temaet. Eit nasjonalt husmannssenter skal vere ein samla dokumentasjon over husmannsvesenet i heile Noreg, og det mangfoldet det utgjorde. Arbeidet skjer i nært samarbeid med Universitetet i Bergen, og med økonomisk støtte frå Luster kommune.



Det blir konsert i Fuglesteig 10. juli og 10. september

Høg aktivitet i Luster Turlag

I sitt 40 år har turlaget i Luster eit aktivitetsnivå som aldri før. Det mest spesielle no i sommar, er at laget har kjøpt inn seks store havkajakkar og to barnekajakkar som ligg lagra i naustet til Trygve Svåi på Eikjastrondi. Dei kan brukast gratis av alle som har medlemskap i Luster Turlag/DNT. Alt du treng er ein standard DNT-nøkkel til låsen på naustdøra. I naustet ligg kajakkar og utstyr samt litt informasjon om bruk. Dersom du ikkje er medlem i Luster Turlag/DNT, kan du også låna kajakkane. Då kostar det 100 kroner pr person pr tur. Luster Turlag oppmodar alle til å ta seg ein padletur på fjorden!

Turlaget leiger ut havkajakkar. Ta deg ein tur på fjorden i sommar.



Spørsmål? Kontakt Einvald Erichsen, tlf. 91516819, e-post einvald@hotmail.com, eller sjå på nettsida vår www.turistforeningen.no/luster.

Fuglesteig

Tredje byggesteget i Fuglesteig er snart fullført, og no står tre flotte bygningar klare til å visast fram. Her kan alle som vil overnatta, og elles er fjøsen veleigna til selskap av ulike slag. For leige er det berre å ta kontakt med leiaren i turlaget. Av kulturelle arrangement denne sommaren kan nemnast ettermiddagskonsert med folkemusikarane Tone Hulbækmo og Hans Fredrik Jakobsen søndag 10.juli

og konsert med songaren og musikaren Kevin Steinman under Fjellfilmfestivalen laurdag 10. september.

Topptrimmen

Topptrimmen til Luster Turlag som har vore i gang i 33 år, har 10 praktfulle fjelltoppar å by på dei neste tre somrane. Postar vil bli sette ut siste helga i juni, og så er det berre å kjøpa deltakarkort i banken eller hos styremedlemene i laget og bli med på flotte toppturar. Siste treårsperiode var det rundt 400 som deltok og heile 225 som fullførde, så her er interessa stor og veksande.

Jubileum

Den 26. november 1971 vart Luster Turlag offisielt skipa, og på same dato til hausten vil me feira stort 40-årsjubileum i Fjordstova på Skjolden. Generalsekretæren i Den Norske Turistforening, Kristin Krohn Devold har alt akseptert invitasjonen til å vera med. No vonar me at den store sponsoren vår, Olav Thon, og vil setja av tid og koma. Påmelding til festen startar 1.november!

Olsokmarknad i Fortun 30. - 31. juli

Denne helga håpar me mange finn vegen til Fortun. Bygdefolket arrangerar som vanleg til Olsokmarknad. Dette er 24. gongen, så me nærmar oss jubileum, fortel Aud Øygard i olsoknemnda til Lustranytt.

Me opnar marknaden laurdag kl. 11.00. Også i år blir det høve til å delta i "Fuglesteg opp" som startar ved Grendahuset kl. 10.00 på laurdag, arrangør er IL. Fanaraak.

På marknaden kjem det mange tilbydarar med varer av mange slag. Husflid, tresløyd, glaskunst, antikvitatar, bakevarer og spekemat for å nemna noko. Det blir kunstutstilling med Signe Fortun Weka og Oddvar Fyllingsnes inne i det gamle skulebygget. Omvisning i

Fortun Treningsenter v/Jan Erik Weka.

I Krukla vil Fortun 4H ha aktivitetar for store og små, og det er høve til å klatre på Trollstein. Bente Sollesnes lagar "dyrehage" der du kan sjå på kaninar, høner og geiter. Truleg blir det også utstilling av ullprodukt, samt karding, spinning og plantefarging ved Valborg Heløy m.fl.

Dagens høgdepunkt blir vel konserten i Grendahuset med Sigrid Moldestad kl. 17.00 på laurdag, så reis ikkje for tidleg heim, men få med deg konserten til den kjende folkemusikaren.

Søndag

Søndag kl. 11.00 opnar marknaden med gudsteneste ute på historiske tufter, der Fortun gamle stavkyrkje



Arkivfoto frå ein tidlegare marknad. Foto: Kåre Steinar Skagen.

ein gong stod.

Salsutstillingane og marknaden elles opnar kl. 12.00. Begge dagane blir det sal av grillmat, kaffi, kaker og vafler. Laurdag blir det også sal av rømmegraut i Grendahuset.

Det blir tombola ved Annemor Svendsøy begge dagane, og det blir råd å få kjøpt seg litt snop for ungane denne gongen og!

Loddsal og trekking av fine gevinstar ved avslutninga av marknaden på søndag.

Me ynskjer alle hjarteleg velkomne til ei triveleg og sosial marknadshelg i Fortun," ved foten av Jotunheimen", avsluttar Aud Øygard.

Det er venta mange tilhøyrarar når Sigrid Moldestad held konsern i Grendahuset laurdag ettermiddag.



Strandsitjardagane

Bygdelaget i Solvorn inviterer til Strandsitjardagar helga den 23. - 25. september. Det vert som i fjar mogeleg å vandra fritt blant gamle naust, kjøpa lokale matvarer og ulike typar lokalt handverk. Kanskje vert det også noko teatralsk å sjå under dagane! Temaet i år er "Fjordaferd".



Brepub

Breheimsenteret si førebelse liste over Brepubsesongen:

- 24. juni: Ivory
- 8. juli: Ketil Thorbjørnsen
- 5. august: Jokkes akustiske Trio

Nytt frå turistinformasjonen

Nytt av året er mellom anna at Urnesferja har utvida sesongen og har no vore i rute frå 2. mai og skal gå ut heile september. Reiarlaget har også skifta namn frå Hærum Trans AS til Lusterbaatane AS. Stavkyrkja på Urnes har også utvida sesongen tilsvarande. Walaker Hotel har pussa opp 11 rom og tilbyr no også aktivitetspakkar med ekskursjonar, seminar og kulturelle opplevingar. River Pig / IceTroll i Jostedalen tilbyr i år kombinasjonsturar som inkluderer både rafting, kajakkturar på brevatt og brevandring. Nes Gard har pussa opp sju rom, tilsett ny kjøkkensjef og tilbyr guida minibusturar. Pluscamp Sandvik i Gaupne har i år fokus på familiar, og har opna nye barnevennlege fasilitetar og stellerom, samt

pussa opp sanitæranelegget. Skjolden Lama tilbyr no heildagsturar med lama gjennom Mørkridsdalen til den idylliske stølen Liane, - ei eksotisk og flott oppleving for familiar. Mads Bækkelund frå den populære fjernsynsserien "Oppdrag Sognefjorden" tilbyr turar på fjorden med båten, Fjord Visjon, som vart brukt til innspelinga. Ta elles kontakt med eit av turistkontora våre eller sjå på nettsidene våre www.sognefjord.no

Opningstider på turistkontora, sommaren 2011:
Gaupne Turistkontor
 Stad: Pyramiden senter, Gaupne
 Tel: (+47) 976 00 443
 20.06-26.08: 10 - 17 (man-fre)

Jostedal Turistkontor
 Stad: Breheimssenteret, Jostedal
 Tel: (+47) 976 00 443
 01.05-19.06: 10 - 17
 20.06-19.08: 09 - 19
 20.08-30.09: 10 - 17

Skjolden Turistkontor
 Stad: Fjordstova, Skjolden
 Tel: (+47) 976 00 443
 06.06-26.06: 14 - 19
 27.06-12.08: 11 - 19
 13.08-31.08: 14 - 19
 (Under cruiseanløp er det også ope)

Hovudkontoret i andre etasje på Pyramiden er også ope heile året kl 10-15 mandag til fredag.



Turistar på tur med lama i Mørkridsdalen.
Foto: Skjolden Llamas



Turistar på Skjolden tykkjer det er stas med bunadskledde lustrajenter. Foto: Iren Vatne.

Dag	Dato	Skip	Kl	Fra	Til	Tal passasjerar
Ty	14.06	Prinsendam	08:00-17:00	Oslo	Ålesund	794
Fre	17.06	MS Albatros	08:00-13:00	Stavanger	Fjærland	800
Fre	24.06	Adonia	09:30-17:00	Stavanger	Bergen	777
Tys	05.07	Black Watch	07:30-18:00	Eidfjord	Geiranger	804
Ty	19.07	Crystal Serenity	08:00-19:00	Ålesund	Bergen	1080
On	20.07	Black Watch	08:00-17:00	Eidfjord	Olden	804
Fre	19.08	Adonia	09:00-16:00	Stavanger	Bodø	777
To	01.09	Braemar	08:30-17:00	Olden	Stavanger	929
Fre	02.09	Saga Ruby	08:00-04:00	Flåm	Bergen	650
La	17.09	Boudicca	07:30-17:00	Bergen	Sandane	856

NB! Det kan verte endringar på dette, så følg med på nettsidene www.sognefjordcruise.com

Avgangselevar ved Hafslo barne- og ungdomsskule

10. klasse ved Hafslo barne- og ungdomsskule hadde avslutningsfest 14. juni 2011.



Bak frå venstre: Roger Gjerde, Rune Frækaland, Torkjell Einarson Venjum, Robert Vigdal Søhoel, Einar Urdshals, Rokas Malcevas, Lars Even Stølen, John Bruhaug, Simen Lunde Fardal, John Arve Moe, Torstein Buskaker.

Midten frå venstre: Maria Søhoel, Anna Heggestad Stølen, Anja Hønsi, Hanna Langlo Handeland, Eina Merete Solnes Heggestad, Amalie Herlofsen Nes, Celina Fredheim, Bob Fransen, Sindre Stolberg Fardal, Anders Lerum Alme.

Framme frå venstre: Margrete Skårhaug Solvi, Dina Sørheim Søhoel, Alvilde Hallaren, Hilde Hagen, Lina Bjarnesdotter Venjum, Line Kristin Ahlin, Marte Erfjord, Maiken Sjølie Sviggum, Malene Kvam, Anette Timberlid Teigen. Foto: Helge Harkjerr.

Stilfull avslutning på ungdomsskuletida

Tysdag 14. juni var det avslutningsfest for 10.klassingane ved Luster ungdomskule. 44 elevar hadde no avslutta grunnskulen og var klare for nye utfordringar. Kvelden starta med fotografering ute, før stolte foreldre, elevar og lærarar samla seg inne til to timars program. Elevar og lærarar hadde dei siste dagane

laga program og gjort alle førebuingar til festen. Etter ein høgtideleg innmarsj av elevane, starta sjølv programmet som bestod av musikkinnslag, dikt, photostory og talar av elevar og rektor.

Etter programmet var det matøkt, der elevar og foreldre

frå 9.klasse serverte. Etterpå kunne alle beundre dei flotte elevarbeida frå kunst- og handverkstimane. Kvelden slutta med utdeling av vitnemål og helsingar og gavoverrekking.

**Klasse 10A:**

Framme frå venstre: Geir Inge Fossøy (kontaktlærar), Ragnhild Elin Talle, Hanna Tuften, May-Tone Feten Høyheim, Marthe Kveane, Julie Dale Larsen, Christina Kvammen Fuhr, Andrea Berget, Guro Saur Ødegård, Maria Flåten Molland, Christina Stenebjørn, Synnøve Fortun (kontaktlærar).
Bak frå venstre: Kent Olav Karoliussen, Iver Myklemyr, Pål-Gunnar Molland, Einar Berdal, Ole Eide Øy, Torgeir Grov, Espen Sleppen Josvanger, Varand Rebni Kjer, Håvard Røneid, Ørjan Saur Sjøthun, Lars Buvik Hauge, Eirik Glendrange

**Klasse 10B:**

Framme frå venstre: Sara Tveit Saur, Laila Kjærvik, Alice Brendstuen, Kristine Bruheim, Kari Hilde Bergseth, Maren Beddari Ørbeck, Julia Hårvik, Edel Kristine Fuglesteg Bolstad, Ingrid Eide Juvik og Elin Heggestad (kontaktlærar).
Bak frå venstre: Mathias Samnøy, Arild Bolstad, Stian Stuppelhaug, Geir Steig, Lars Jørgen Kjærvik, Thomas Vigdal, Joachim Norheim Heggestad, Eivind Steig, Martin Oma, Jonas Elle, John Martin Bjørk og Jonas Falkgjerdet Svåi. **Ikkje tilstades:** Cecilie Nesheim Kvalsøren, Oddlaug Leirdal (kontaktlærar).

Restavfall i gjennomsiktige plastsekker

Sekker til sals på miljøstasjonen og rådhuset.

Som tidlegare meldt må restavfall som blir levert på miljøstasjonen no vera i gjennomsiktige sekker. Dette skuldast større krav til sortering, fordi mange avfallsprodukt er meir miljøfarlege enn det ein før trudde.

Gjennomsiktige plastsekker får du kjøpt på miljøstasjonen eller på servicetorget. Desse kostar kr 35,- for ein rull med 10 sekker. Etter kvart skal det også bli mogleg å få desse i butikkane. Sekkene er produsert av resirkulert plast. Fordi det er strengare krav til råstoffet produsenten må bruka i sekkene, så vert desse litt dyrare. Du kan framleis samla boset ditt i svart sekk, men då må du sortere på miljøstasjonen.

Restavfall er:

- Plastartiklar (ikkje emballasjeplast)
- Porselen (leverast miljøstasjon)
- Keramikk (leverast miljøstasjon)
- Tilgrisa plastfolieemballasje
- Steikefolie
- Gåve/innpakningspapir
- Tomme/inntørka målingsboksar



Gjennomsiktige plastsekker er til sals på miljøstasjonen og på rådhuset.

- Papir og papp som er tilgrisa av olje eller anna ureina ting som ikkje let seg bryte ned i ein komposteringsprosess
- Øydelagde kle og sko
- Oske – ha oska oppi ein pose og knyt att, før du kastar den i dunken

Sommar- sløkte veglys

Kommunestyret vedtok i samband med budsjettet for 2011 å innføre sommarsløkte veglys. Alle veglysa i kommunen er sløkte for sommaren og vil bli sett på att i tida 1. – 15. august.



TV-aksjonen 23. oktober

TV-aksjonen 2011 er tildelt Norsk Folkehjelp. Midlane skal gå til å rydde miner og klasebomber i Europa, Afrika og Asia. Kommunen har valt ein lokal aksjonskomité.

Anders Bolstad (leiar)
Svein Norberg
Jan Magne Søhoel for Luster
sparebank
Gudleik Hovland
Arne Bondevik
Marianne Bugge
Tordis Skjerdal Rauboti

Per Rune Joranger
Mona Vik
John Havellen
Anne-Siri Bentsen
Ingrid Heggestad
Jan Norvald Steig
Hermund Alme

TRANSPORT



for ungdom
mellan 13-19, og
busett i Luster

Du kan nytte bestillings-taxi til:

- alle opne treningar, nattopen idrettshall og
ope skitrekk i Luster kommune
- alle opne arrangement for ungdom i
kommunen, også møte, kurs og liknande
- til og frå Sogn kulturskule sine arrangement i
Luster kommune
- og transport til / frå tilrettelagt riding, rafting
og paintball i Luster kommune.

NB! Nytt reglement gjeld frå mai 2011:



- Eigenandel: kr 50 pr. pers. kvar veg
for bestillings-taxi i Luster.
- Andre i same taxi, men som er eldre enn 19 år,
betalar full pris.

Minimum tal personar som skal følgje taxi er: **2**.
Opplys om at du vil nytta dette tilbodet når
du tek kontakt med:

Taxisentralen, tlf. 57 68 16 20





Offentleg bading

Badebassenga i Luster har desse opningsidene:

FJORDSTOVA, SKJOLDEN • tlf. 57 68 67 44

tysdag kl. 18.00 - 21.00
 fredag kl. 18.00 - 21.00
 søndag kl. 16.00 - 19.00

Opningstider sommar:
 20. juni – 7. august
 Alle dagar unntatt måndag:
 kl 15.00 – 18.00.

JOSTEDAL SAMFUNNSHUS • tlf. 57 68 59 68 / 69

tysdag kl 18.00 – 21.00
 onsdag kl 17.00 – 18.00 LHL og andre
 kl 18.00 – 19.00 Familiebadning
 og funksjonshemma
 kl 19.00 – 20.00 Revmatikarar
 Bassenget er stengt når elevane har skulefri.

LUSTER UNGDOMSSKULE

måndag kl. 17.00 - 21.00
 onsdag kl. 17.00 - 21.00
 Bassenget er stengt når elevane har skulefri.



Foto: Judith Natvik

LUSTRAnytt


Nr. 2 - 2011

Opplag: 4.500. Vert distribuert gratis til alle husstandar i Luster kommune og til abonnentar utanfor kommunen. Magasinet vert også sendt til alle avdelingar på Lærdal sjukhus og Sentralsjukhuset Førde. • Redaksjonen for dette nummeret vart avslutta 14. juni 2011.

Ansvarleg redaktør: Rådmann Tore Eriksen
 Redaksjonen er lagt til Servicetorget
 v/leiar Anita Bjørk Ruud.
 Alle tenesteeiningar har informasjonsansvar, og er
 bidragsytarar til redaksjonen.
 Tilbakemeldingar, tips osv. kan gjevast til nemnde
 adresser.

Redaksjonen si adresse:
 Luster kommune, Lustra nytt, Rådhuset, 6868 Gaupne.
 Tlf. 57 68 55 00 Faks: 57 68 55 01
 E-post: postmottak@luster.kommune.no
 Layout/trykk: Ingvald Husabø Prenteverk as.
 Tlf. 57 65 60 05

Framsidefoto: Erling Bjørnetun
 Lustraløpet vart i år arrangert for 25. gong.



Bibliotek

HOVUDBIBLIOTEK

GAUPNE tlf. 57 68 56 53

Måndag stengt
 Tysdag 10.00-16.00
 Onsdag 10.00-16.00
 Torsdag 10.00-17.00
 Fredag 10.00-16.00
 Laurdag 11.00-14.00

HAFSLO tlf. 57 68 23 33

Måndag: 09.00 - 16.00

Opningstid i sommar

Hovudbiblioteket i Gaupne har ope 14. juni – 13. august tysdag – fredag kl 10.00 – 15.30.

Avdelingane Hafslø og Veitastrond har stengt i skuleferien.

Avdeling Skjolden er ope for sjølvbetjening når turistinformasjonen er open.

Tysdag: 09.00 - 15.00
 Onsdag: 09.00 - 15.00

SKJOLDEN tlf. 57 68 67 92
 Frå 01.01.2011: Partalsveker:
 torsdag kl 08.30-14.00.

Oddetalsveke 1:
 tysdag kl 16.30-19.30
 Oddetalsveke 2: stengt.

VEITASTROND
 Måndag: 13.30-15.30

Helsecenter/Lege i kontortida Tlf. 57 68 56 00

Sentralbordet i servicetorget på rådhuset er også sentralbord for kontora på helsecenteret med unnatak for legane, dvs. for fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjonen og psykiatrisk helse.

LEGEVAKT

- snarleg hjelp utanom kontortida Tlf. 57 68 15 55

TANNLEGEN i Nesgården Tlf. 57 65 63 90

KOMMUNALTEKN. BEREDSKAP Mob. 48 10 21 20
 (Veg/vatn/kloakk)

NAV Luster Tlf. 57 01 58 70

Andre viktige telefonnr.:

Melding om brann Tlf. 110

Vakthavande brannbefal Mob.: 41 65 94 40

Politi/Lensmann Tlf. 112